


*Dersom du har møtt eit menneske med autisme, har du møtt  
eit menneske med autisme*  
(Øzerk & Øzerk, 2013).



Bilete er henta frå: <http://www.publicdomaininpictures.net/viewimage.php?image=11968&picture=unique-concept>



# Samandrag

**Problemstilling:** Denne masteroppgåva set fokus på korleis ein kan tilpasse undervisinga for elevar med autismespekteforstyrringar (ASF). Problemstillinga er; «*Korleis kan ein bruke struktur og forsterking i opplæringa for elevar med ASF, og kva fordelar og utfordringar meiner tre ressurssenter tilsette desse tiltaka kan ha?*». Når det er snakk om bruken av struktur, vil det vere hovudfokus på dagsplan og aktivitetsplan som eit tiltak for å skape struktur. Når det vert sett på forsterkingsomgrepet, vil bruken av motivasjonssystem/teiknøkonomi verte drøfta.

**Utval:** Utvalet baserer seg på tre informantar som arbeider på eit ressurssenter for elevar med autisme. Alle har fleire års erfaring med å arbeide med denne elevgruppa. Det har blitt gjennomført intervju av dei tre tilsette. Det har også blitt gjennomført tre observasjonar av dei tilsette og elevar i undervising, der har det vore hovudfokus på læraren.

**Forskningsmetode:** Denne forskinga er basert på ein generell kvalitativ forskningsmetode. Masteroppgåva er basert på tre observasjonar av dei tilsette og elevane, og tre semistrukturerte intervju av dei tilsette. Kvart intervju og kvar observasjon varte i omrent ein time.

**Hovudfunn:** Forskinga viser at informantane tykkjer at bruken av struktur og forsterking er svært gode tiltak for elevar med ASF. Planane er med på å sikre at elevane får ein strukturert, oversiktleg og føreseieleg kvardag. Dei kan også vere svært nyttige i nye eller utfordrande situasjonar, og elevane kan verte meir sjølvstendige. Samstundes har bruken av slike planar eit kommunikativt aspekt og det sikrar variasjon. Bruken av forsterking kan blant anna føre til at elevane lærer betre, motivasjonen vert større og dei opplever meistring. Ved å gi ei forsterking bekreftar ein også når eleven har gjort noko rett.

Informantane seier at utfordringane med bruken av struktur kan vere at eleven vert rigid og at andre instansar ikkje nyttar seg av dette tiltaket. Ein viktig føresetnad for at planane skal fungere godt, er at ein tek utgangspunkt i eleven sine initiativ og behov. Utfordringar med å bruke forsterking/teiknøkonomi, kan blant anna vere at det er vanskeleg å finne rette forsterkarar og oppdatere desse ofte nok. Nokre elevar kan verte avhengige av å få forsterkarane, og fleire er kritiske til bruken av godteri som forsterkar. Åtferdsanalysen har også fått kritikk for sin pedagogikk, og bruken av teiknøkonomi er basert på denne pedagogikken. Det verka som om informantane tykte at fordelane med desse tiltaka overskygger utfordringane ved bruken. Funna vert drøfta i lys av empiri og teori.

## Innhaldsliste

1.0 Innleiing .....	1
1.1 Bakgrunn og val av tema .....	1
1.2 Problemstilling.....	1
1.3 Avgrensing av oppgåva .....	2
1.4 Masteroppgåva si oppbygging.....	2
2.0 Informasjon om autismespektervanskars .....	3
2.1 Sosialt samspel, kommunikasjon og repeterande og avvikande interesser .....	4
2.2 Førekomst .....	7
2.3 Komorbiditet.....	8
2.4 Tilrettelegging av undervising.....	8
2.5 Ulike undervisings-/opplæringsmetodar.....	9
3.0 Struktur og forsterking .....	11
3.1 Struktur .....	11
3.2 Forsterkande stimulus.....	14
4.0 Forskingsdesign og forskingsmetode .....	17
4.1 Forsking .....	17
4.2 Forskingskontekst .....	17
4.3 Kvalitativ metode .....	18
4.4 Forskingsprosessen .....	19
4.5 Etikk.....	25
5.0 Presentasjon og drøfting av funn.....	29
5.1 Erfaringar.....	29
5.2 Bruken av struktur .....	30
5.3 Målet og fordelane med bruken av planar .....	33
5.4 Utfordringar/ulemper med bruken av fast struktur.....	39
5.5 Bruken av forsterkarar .....	43
5.6 Målet og fordelane med bruken av forsterking .....	46
5.7 Ulemper/utfordringar med bruken av forsterking .....	49
6.0 Oppsummering og avslutning .....	57
Kjeldeliste.....	i
Vedlegg 1 – Sitatoversikt .....	vii
Vedlegg 2 – Informasjonsskriv til dei tilsette .....	x
Vedlegg 3 – Informasjonsskriv til foreldre .....	xi
Vedlegg 4 – Intervjuguide.....	xii
Vedlegg 5 – Svar frå NSD.....	xv

## Forord

Det har vore svært spennande, interessant og lærerikt å arbeide med denne masteren. Då eg skreiv bachelor, tenkte eg at eg aldri ville skrive master, men no er eg veldig glad for at eg gjorde det. Det har vore ein lang prosess, men alt i alt sit eg att med svært gode minne og erfaringar frå dette halvåret. Eg håper at denne masteren kan vere til nytte for andre som ynskjer å lære meir om bruken av planar og forsterking. Eg håper at eg kan presentere ulike sider ved bruken av desse to metodane.

Eg vil spesielt takke dei tre informantane for spennande intervju og observasjonar. Dei tok seg tid til å ta imot meg og svare på spørsmål i ein hektisk kvardag. Eg vil også takke kontaktpersonen min på dette ressurssenteret som hjelpte meg med å finne informantar, levere ut samtykkeskjema og liknande. Ho tok seg tid til å snakke med meg, svare på spørsmål og rettleie meg om aktuelle fokusområde i masteren min. Eg vil òg takke for at eg fekk høve til å kome på ein uformell observasjon der eg fekk sjå korleis dei arbeidde. Eg set stor pris på at eg fekk lov til skrive masteren min om korleis de arbeider på dette ressurssenteret. Eg følte meg svært godt motteken, og eg fekk god hjelp undervegs i prosessen.

Takk til medstudentane mine, som har vore med på å gjøre dette halvåret til ein kjekk periode. Eg er spesielt takksam for romkameraten min. Eg set stor pris på dei gode samtalane og mykje ytre motivasjon i form av gode ting å ete.

Eg vil takke mannen min Jørgen for oppmuntrande ord og støtte gjennom heile prosessen! Takk for at du alltid har trua på meg! Eg vil også takke tanta mi Gunvor for at ho korrekturlas oppgåva mi.

Til slutt vil eg takke rettleiaren min, Øyvind Kvello for gode og konstruktive tilbakemeldingar.

Trondheim, mai 2017

Margrete Voldsund Greve



## 1.0 Innleiing

I innleiinga ynskjer eg å grunngje val av tema. Etter det vil problemstillinga verte presentert. Vidare vil eg avgrense oppgåva, og til slutt vil eg sjå på korleis masteroppgåva har blitt bygd opp.

### 1.1 Bakgrunn og val av tema

I denne masteroppgåva ynskjer eg å sjå på korleis ein kan legge til rette skuleundervisinga for elevar med autismespekterforstyrringar (ASF) ved hjelp av struktur og bruken av forsterking. Tidlegare har eg arbeidd på eit dagsenter og på ei timeavlasting for born med multifunksjonshemningar. I samband med denne jobben, har eg kome i kontakt med fleire personar som har ei diagnose innanfor autismespekteret. Som oftast har dei hatt komorbide (samansette) vanskar. Fleire gongar har eg tenkt på korleis ein kan gi desse eit godt skuletilbod. Eg har tenkt spesielt mykje på dei som har eit därleg eller manglande språk og som har store behov for hjelp og støtte i kvardagen. Eg fekk eit ynskje om å finne ut av korleis denne undervisinga går føre seg, og lære meir om dette.

I 2010–2011 vart det gjort ei spørjeundersøking av den pedagogisk-psykologiske-teneste, heretter kalla PPT. I undersøkinga vart det sett på arbeidet til PPT i barnehagar i Noreg. Forskarane Cameron, Tveit og Kovač (2011) fann ut at kunnskapen om ASF var eit av dei områda som PPT-ledarane, PPT-tilsette og dei barnehagertilsette hadde minst kunnskap om (Cameron, Tveit, & Kovač, 2011). Dette fortel oss at det er for lite kunnskap om denne diagnosen både hjå tilsette i PPT og i barnehagane. Sjølv om denne undersøkinga vart gjort i barnehagar, og ikkje på grunnskulen som er mitt hovudfokus, fortel det noko om at kompetansen på dette området er låg. Det er difor nødvendig å setje fokus på denne diagnosen, og auke kunnskapen til både lærarar, barnehagelærarar og andre fagfolk.

### 1.2 Problemstilling

I denne masteroppgåva vert det sett på korleis ein kan gjere skuledagen til elevar med autisme betre ved å bruke klar struktur og forsterking, slik at dei kan få positive meistringsopplevelingar på skulen. Det vert også sett på utfordrande sider ved desse tiltaka. Eg ynskjer og håper at dette er eit emne eg kan auke kompetansen min på. For å kunne svare på problemstillinga mi, har eg samarbeidd med ein skule som har eit eige ressurstilbod for elevar med autisme. Eg vi skrive meir om dette ressurstilbodet på sidene 17–18.

Problemstillinga for masteroppgåva er: ***Korleis kan ein bruke struktur og forsterking i opplæringa for elevar med ASF, og kva fordelar og utfordringar meiner tre ressurssenter tilsette desse tiltaka kan ha?***

### 1.3 Avgrensing av oppgåva

Eg har valt å fokusere på elevar med autismespekterforstyrriingar som har store behov for spesiell tilrettelegging. Det vert ofte utfordrande for nærskulen å gi dei det tilbodet dei treng når dei har så omfattande hjelpebehov. Fleire foreldre vel difor at borna deira skal gå på skular som har eigne tilbod til elevar med denne diagnosen. Eg har valt å ikkje fokusere på høgtfungerande elevar med autisme, slik som til dømes elevar med Asperger syndrom. Desse har vanskar med det sosiale samspelet og dei kan ha særinteresser og ein repeterande åtferd, men dei har ein intelligens innan normalområdet (World Health, 1999, s. 255). Dei kan klare seg godt i ei vanleg klasse, dersom undervisninga vert noko tilpassa (Martinsen, Nærland, & Tetzchner, 2015).

I denne teksten vert det sett på korleis ein kan tilpasse undervisinga til elevar med ASF som har store behov for spesiell tilrettelegging. Det vil vere fokus på korleis ein gjer det ved hjelp av klar struktur og ved å bruke forsterkarar. Når det er snakk om bruken av struktur, vil det i hovudsak vere fokus på korleis ein bruker dagsplan og aktivitetsplanar i opplæringa. Når det vert sett på bruken av forsterking i opplæringa, vil det vere mest fokus på bruken av motivasjonssystemet teiknøkonomi. Eit slikt motivasjonssystem si hensikt er å auke ein person sin motivasjon ved hjelp av påskjøningar (Horne & Øyen, 2007, s. 51).

### 1.4 Masteroppgåva si oppbygging

Denne masteroppgåva er delt inn i seks kapittel: innleiing, informasjon om autismespekteret, struktur og forsterking, forskingsdesign og forskingsmetode, resultat og drøfting, oppsummering og avslutning. Kapittel to inneheld informasjon om ASF; kva som kjenneteiknar denne gruppa. Vidare vert det sett på teori om struktur og om den åtferdsanalytisk modellen, der eg vil ha hovudfokus på forsterking. I metodedelen vil eg presentere og drøfte val av mine datainnsamlingsmetodar, og trekke fram reliabilitet, validitet og etikk i forskinga mi. Til slutt vil eg presentere resultata og drøfte desse etter kvart i lys av teori og empiri.

## 2.0 Informasjon om autismespektervanskar

I den europeiske diagnosemanualen ICD-10, vert omgrepet gjennomgripande utviklingsforstyrring brukt om dei ulike diagnosane som høyrer til under autismespekteret. I den amerikanske diagnosemanualen DSM-5 vert namnet Pervasive Developmental Disorders brukt. Det kan omsettast til gjennomgripande utviklingsforstyrring. Fleire vel å bruke ASD, som står for autism specter disorder. Det har i det siste blitt vanleg å bruke omgrepet autismespekerforstyrningar (ASF), så det er det eg vil bruke i denne masteroppgåva (Martinsen et al., 2016, s. 31; Øzerk & Øzerk, 2013).

Sidan dei fyrste beskrivingane av autisme, har det stadig skjedd forandringar i kriteria og beskrivingane for autisme (Martinsen et al., 2015). No vert det brukt to ulike manualar som trekker fram diagnostiske kriterium for ulike diagnosar. ICD 10<sup>1</sup> er utarbeida av WHO<sup>2</sup>, og nyttast i Noreg. DSM-5<sup>3</sup> er utarbeidd av den amerikanske psykiatriske foreininga. I dei nye manualane som skal kome ut, ICD 11 og DSM 6, har ein planar om å erstatte «gjennomgripande utviklingsforstyrring» til «nevrologisk utviklingsforstyrring», der autismespekerforstyrring vert ein underkategori (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 40).

Det skjer stadig framsteg i forsking innanfor ASF via DNA- og genforsking, hjernehforsking og nevrologisk forsking. Denne forskinga er med på gi oss større forståing for denne diagnosen. Det er også lettare å kunne førebygge og gi effektive behandlingar dersom ein har meir kunnskap (Klin, 2006; Øzerk & Øzerk, 2013, s. 54). Metodar som molekylærgenetisk testing, skanning av hjerna og vurdering av kognitive prosessar har vore med på å forandra den diagnostiske prosessen. Desse nye metodane vil også kome til å spele ei viktig rolle i framtida (Wolkmar & Klin, 2013). Det er framleis mykje ein ikkje veit om denne diagnosen, til dømes manglar ein kunnskap om sikre årsakar til kvifor nokre får ASF (Bogdashina, 2006; Øzerk & Øzerk, 2013, s. 54). Men Øzerk og Øzerk (2013) set fokus på at årsaka til denne diagnosen kan vere genetiske faktorar som påverkar hjerna si utvikling i samspel med uheldige miljøfaktorar.

«ASD er en gjennomgripende funksjonshemning som påvirker de fleste sentrale utviklingsområder – persepsjon, sosialt samspill, sosial utvikling, kognitiv utvikling og

---

<sup>1</sup> International Classification of Diseases.

<sup>2</sup> The World Health Organization

<sup>3</sup> The Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders

utvikling av språk – og som alle alderstrinn fører med seg utfordringer og belastninger på de aller fleste livsområder» (Martinsen et al., 2016, s. 15).

Ei gjennomgripande funksjonshemning betyr at funksjonsområde som utviklar seg frå ein er nyfødd til ein vert vaksen, vert påverka. ASF er ei arveleg føresett forstyrring (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 23–24). Typiske kjenneteikn ved denne gruppa, er at det er avvik i det mellommenneskelege samspelet og kommunikasjonsmønsteret. Menneske med ASF vil også ha avgrensa og repeterande interesser og aktivitetar (World Health, 1999, s. 249). For å kunne stille denne diagnosen, må desse kjenneteikna ha blitt observert før dei har fylt tre år (Eikeseth, Jahr, & Eldevik, 2010, s. 225). Under samlenemninga gjennomgripande utviklingsforstyrringar finn ein barneautisme, atypisk autisme, Retts syndrom, anna disintegrativ forstyrring i barndomen, Asperger syndrom og gjennomgripande utviklingsforstyrring, uspesifisert (Martinsen et al., 2016, s. 28). «The umbrella of the autism spectrum is very large» (Berkell Zager, 2005, s. 9). Det kan vere personar med milde uttrykk av Asperger – som har høg intelligens og meistrer nokre sosiale situasjonar, til ein person som er sterkt handikappa på fleire område, t.d. utan språk (Berkell Zager, 2005, s. 9).

## 2.1 Sosialt samspel, kommunikasjon og repeterande og avvikande interesser

I dette kapittelet vert nokre av kjenneteikna til dei vanlegaste vanskane for personar med ASF presenterte. Eg vil byrje med å sjå på typiske kjenneteikn ved å ha eit avvikande sosialt samspel. Etter det vil eg sjå på vanskar med kommunikasjon og repeterande og avvikande interesser.

### 2.1.1 Sosialt samspel

ICD 10 nemner fire kjenneteikn på avvikande sosialt samspel; avvikande augekontakt, mimikk, kroppshaldning og avvikande utvikling av felles interesser eller aktivitetar som andre på same alder har (Ryhl, 2012, s. 28). Menneske med ASF har vanskar med sosial initiativtaking og gjensidig sosial interaksjon med andre (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 74). Dei kan vise lite deltaking i andre si glede, interesser eller aktivitetar (Ryhl, 2012, s. 28).

I 1985 publiserte Baron-Cohen, Leslie og Frith ei forsking som viste at born med autisme hadde vanskar med å forstå andre sine mentale perspektiv. Dei argumenterte for at desse borna hadde ei svekka mentalisering, «theory of mind» (ToM). Dette fekk stor betydning for kognitiv autismeforsking (Baron-Cohen, Leslie, & Frith, 1985; Øzerk & Øzerk, 2013, s. 86–87). I 1995 presenterte Baron-Cohen ei utvikling for å oppnå mentalisering, som er eit omgrep som ligg tett

opp til ToM. Han deler utvikling opp i fire trinn, men eg vil ta utgangspunkt i presentasjonen til Kvello (2010). Han viser til tre trinn, der utviklinga går frå blikkontakt, via felles fokus til mentalisering. Desse byggjer på kvarandre. Ein må nå eit tilfredsstillande nivå, før ein kan gå vidare på neste steg. Blikkontakt inneber å oppnå kontakt med andre menneske. Denne dugleiken er viktig, sidan ein gir og mottek informasjon om andre gjennom blikket (Baron-Cohen, 1995, s. 1–7; Kvello, 2010, s. 107–110).

Ein oppnår felles merksemd når to personar fokuserer på det same, det kan t.d. vere noko konkret som eit objekt, eit menneske osb., eller noko abstrakt som leike- eller samtaletema. Felles merksemd vert sett på som eit viktig teikn på at barnet har interesse for å skape eit samspele med andre. Ein kan også påverke andre med blikket. Blikkontakt og felles merksemd er føresetnadar for å kunne nå det øvre nivået, mentalisering/ToM (Baron-Cohen, 1995, s. 1–7; Kvello, 2010, s. 107; Olaff, 2008).

Omgrepet mentalisering, vert også kalla «mindblindness» når det gjeld personar innan ASF (Baron-Cohen, 1995). Mentalisering dreier seg om å førstille seg mentale tilstandar, som å leve seg inn i andre sitt sinn. Dersom ein har vanskar med mentalisering, betyr det at ein kan slite med å forstå kva andre føler, tenkjer, ynskjer eller meiner (Baron-Cohen et al., 1985; Peeters & Gillberg, 2002, s. 58). Omgrepet inneheld aspekt som er avgjeraende for å fungere godt sosialt, med tanke på relasjon og kommunikasjon med andre menneske (Kvello, 2010, s. 107). Det er vanleg at born med autisme har vanskar med alle desse tre områda; blikkontakt, felles merksemd og mentalisering (Baron-Cohen, 1995, s. 1–7; Kvello, 2010, s. 48).

Menneske med ASF reagerer ikkje alltid eller tydeleg på ros eller merksemd frå vaksne. Dei bruker sjeldan sosial peiking eller fells merksemd (Eikeseth et al., 2010, s. 224). Usynlege samspelsreglar er vanskeleg å oppfatte, og å tilpasse seg andre kan vere utfordrande. Dei kan lære seg nokre samspeleregular, men ofte bruker dei det på feil tidspunkt eller i ein feil setting. Dei har kanskje ikkje forståinga for kvifor dei gjer det, så det kan verte ei mekanisk handling. Det kan verke som om born med ASF ikkje er interesserte i å skape vennskap med andre, sidan dei kan verke inneslutta, men ofte har dei eit underleg ynskjer om nettopp dette (Ryhl, 2012, s. 33–34).

Uta Frith kom med tanken om at menneske med ASF kan ha ein svak «sentral koherens» (Frith, 1992). Omgrepet betyr at det ligg føre ein ubalanse i integreringa av informasjon. Dei fokuserer meir på delar enn heilskapen, noko som kan resultere i at det vert utfordrande for dei

å tenke heilskapleg. Dette kan prege det sosiale samspelet fordi dei ikkje forstår korleis enkelthandlingar skaper samspelskjeder, eller korleis ei handlingskjede kan stykkast opp i enkeltelement og årsak-verknad-forhold. Fokuset på delar, kan føre til at dei får stor kunnskap på visse område (Kaland, 2002, s. 64; Kaland, 2003).

### 2.1.2 Kommunikasjon

Før eg ser nærmare på kommunikasjon, vil eg nemne at det er vanskeleg å skilje mellom sosialt samspel og kommunikasjon, sidan dei i praksis heng tett saman. Menneske med ASF kan ha vanskar med både nonverbal- og verbal kommunikasjon (Ryhl, 2012, s. 33–38). Det er også store skilnadar på kor gode språklege og kommunikative dugleikar personar med ASF har. Nokre har eit tilnærma normalt språk, andre har eit fråverande språk eller forseinka språkutvikling samanlikna med andre med lik alder (Martinsen & Tellevik, 2012; Ryhl, 2012, s. 41). Personar med gode språklege dugleikar kan ofte ha utfordringar med det sosiale språket. I ein samtale kan det vere vanskeleg å forstå den sosiale konteksten, ironi, metaforar og fleirtydige ord. Dette skuldast ein svakt utvikla mentaliseringskapasitet (Martinsen et al., 2016, s. 28). Det er mange implisitte og usynlege reglar når ein kommuniserer med andre, og dette kan vere utfordrande for denne gruppa. Det kan også vere vanskeleg å vite når dei skal respondere og korleis dei skal respondere i ein samtale. Turtakingsprinsippet kan òg vere utfordrande. Det kan resultere i at personen med ASF legg ut om sine interesser utan å sleppe den andre til. Dei oppdagar heller ikkje når dei andre er lei av å høyre på detaljerte forteljingar (Ryhl, 2012, s. 39 og 45).

### 2.1.3 Avgrensa, repeterande åtferd og interesser

Dersom ein har avgrensa, repeterande åtferd og interesser er ein opptatt av ein eller fleire interesser som er avvikande i intensitet og fokus. Mange med ASF er svært opptatt av objekt eller detaljar, som lukter, konsistens, lyd eller liknande (Martinsen et al., 2016, s. 32). Rørsler, leik, språk, og åtferd kan vere handlingar som vert repeterte. Element som t.d. lyser, lagar lyd eller som ein kan snurre rundt, trekker til seg merksemrd (Ryhl, 2012, s. 49). Dei kan t.d. ha repeterande rørsler som å riste på hovudet, vogge med kroppen eller veive med armane (Eikeseth et al., 2010, s. 224).

Fleire med ASF har særinteresser. Særinteresser er når ein er så interessert i og oppslukt av noko at det kan prege heile livet til den personen. Særinteresser kan vere kunnskap om avgrensa område, som t.d. interesse for tog, rutetabellar, ulike typar dyr, planetar eller liknande.

Denne interessa for eit objekt kan kome allereie i 2–3 årsalderen. Repeterande åtferd er med på å skape positive, sansemessige opplevingar (Ryhl, 2012, s. 48–49). Peeters og Gillberg (2002) skriv at menneske med ASF ofte søker tryggleik ved bruk av repeterande åtferd og interesser.

#### 2.1.4 Svekka eksekutive funksjonar

Ein vanske som menneske med ASF kan ha, er svekka eksekutive funksjonar i større eller mindre grad. Eksekutive funksjonar er ei samlenemning for funksjonar som blant anna problemløsing, planlegging, verbal resonnering, evne til å oppretthalde merksemd, spontanitet, nyttige strategiar, handlekraft, fleksibilitet, sjølvinnssikt og dømmekraft. Ein har vanskar med å planlegge og organisere åtferda si med tanke på tid og rom, med å oppfylle mål og intensjonar. Vanskår med overgangssituasjonar og motstand mot forandringar kan vere eit teikn på at ein har svekka eksekutive funksjonar (Ryhl, 2012, s. 91; Toulopoulou, Chen, Chan, & Shum, 2008). Dette kan føre til vanskar i samspelet mellom den vaksne og barnet (Peeters & Gillberg, 2002, s. 110). Difor er det nødvendig å førebu barnet dersom det skjer endringar. Samstundes er det viktig at ein øver på å takle at det oppstår endringar (Ryhl, 2012, s. 91).

Menneske med ASF kan også ha utfordringar med å overføre det dei har lært i ein situasjon til ein annan. Dersom ein har lært ein dugleik i ein tilrettelagt situasjon, betyr ikkje det at eleven vil klare den same dugleiken i ein annan situasjon med andre vilkår. Det er difor nødvendig at ein arbeider med å legge treninga til naturlege situasjonar, sånn at dei dugleikane dei lærer kan vere til bruk i kvardagen (Romhus, 2003, s. 36). Målet til skulen må vere å gjere livet lettare og rikare for desse elevane. Dei tilsette må bl.a. samarbeide med foreldra om å generalisere dugleikar som elevane lærer (Peeters & Gillberg, 2002, s. 110).

## 2.2 Førekomst

ASF er ein diagnose det har vore stor interesse for i over 70 år, til dømes vart det i 2008 publisert 1300 artiklar om desse vanskane (Martinsen et al., 2015, s. 5). På 1980-talet trudde ein det var ca. 2–5 personar av 10 000 som hadde autisme (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 46). Stoltenberg med kollegaer konkluderer med at det er ca. 6 personar pr. 1000 som har ei diagnose innan ASF (Stoltenberg et al., 2010). Samstundes er det viktig å merke seg at det er stor variasjon i kva forsking seier om kor mange som har denne diagnosen. I det siste har det skjedd ei auking av talet på diagnostasar. Dette kan kome av at fleire har høgare kompetanse om diagnosen og at det er ei betre diagnostisering. Dette gjeld også dei som ikkje har så tydelege symptom (Autismeforeningen i Norge, 2017).

Som dei aller fleste syndrom, er autisme meir vanleg hjå gutter enn jenter. Ei svensk forsking viste at forholdet mellom jenter og gutter var 1:3, medan ei amerikansk forsking frå 2008 viste at det var nesten fem gongar så mange gutter som jenter (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 48). Noko av spraket kan kanskje forklara med at jenter ikkje i like stor grad vert oppdaga som gutane, og diagnosen kan syne seg annleis hjå jenter enn gutter. Jentene kan ha eit betre utvikla språk og betre sosiale evner. Interesseområda er kanskje ikkje så snevre og tekniske som dei interessene gutane har (Peeters & Gillberg, 2002, s.63).

## 2.3 Komorbiditet

Komorbiditet dreier seg om at ein har fleire vanskar/diagnosar samstundes. Internasjonal forsking viser at personar med ASF i større grad er utsette for å få psykiske tilleggsvanskar. Dei kan vere ekstra utsette for blant anna epilepsi, ADHD, utviklingshemming, trassliding, tvangsliding, Tourette syndrom, tics, angst, depresjon, sjølvskadning, søvnvanskar, mage- og tarmproblem samt motoriske vanskar. Mange med ASF er psykisk utviklingshemma, men forsking viser ulike tal på dette. Mellom 50–80 % av borna med autisme har utviklinghemningar, men i denne forskinga er ikkje personar med Asperger og atypisk autisme tatt med. Dersom desse vert tatt med er prosentandelen ein del mindre, ned mot 20 %. Psykisk utviklingshemming vert definert som å skåre to standardavvik under det som er normalt, det vil seie under 70 poeng med innlagde målefeilmarginar på  $\pm$  fem IQ-poeng. I tillegg vert gradar av sjølvhjelpsfunksjonar og tilpassingsdugleik vert vurderte (Eikeseth et al., 2010; Lorentzen, 2008, s. 225–226).

## 2.4 Tilrettelegging av undervising

Ut i frå § 1-3 i opplæringslova skal opplæringa tilpassast til eleven sine evner og føresetnadar. Dersom eleven ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisinga, har ein rett på spesialundervising (§ 5-1) (Opplæringslova, 1998). Martinsen og Tellevik (2012, s. 485–496) meiner at for å arbeide med born med ASF er det nødvendig å ha kunnskap om kva som er normal og avvikande utvikling. Forutan kunnskap om diagnosen må ein òg ha kunnskap om samarbeid og planlegging av tilboda dei har rett på. Undervisinga må tilpassast den enkelte sine særtrekk, og målet er at ho skal opplevast som meiningsfull. Ein må ta omsyn til eleven sine interesser og gjere undervisinga motiverande. Iovannone og medarbeidarar (2003) presiserer at lærarar og foreldre må bruke varierte strategiar som er best eigna for barnet, og dei bør stadig

evaluere dei strategiane som vert brukte. Dersom desse strategiane viser seg å vere ineffektive, må ein forandre på praksisen.

Tidlegare gjekk mykje av undervisinga av elevar med ulike vanskar og funksjonshemningar føre seg i segregerte tiltak. I 1960-1970-åra vart forholda til elevar med utviklingshemningar kritiserte. Etter dette har menneske med utviklingshemningar fått fleire og fleire rettar og moglegheiter. I Noreg har det vore ein offentleg debatt rundt omgrepene inkludering, normalisering og ein skule for alle. Desse prinsippa vert stadig utfordra, på grunn av ressursmangel og ei kjensle av tilkortkomming for lærarar og rektorar (Askildt & Johnsen, 2012, s. 70–71). Framleis vert det kritisert at det skjer segregering i Noreg, der blant anna ressurscenter og andre segregerte tilbod vert nemnde som døme (Jakobsen, 2016). Ein lærar som arbeider i eit slikt tilbod, svarar på kritikken på denne måten: «I enhetsskolen har likeverd og full integrering vært idelet. Men likeverd er ikke å behandle alle likt» (Sevendal Ness & Røros, 2008). Rektoren på nærskulen har ansvar for å gi eleven eit eigna skuletilbod. Dersom det ikkje er mogleg å klare på den skulen, må rektoren saman med PPT finne eit alternativt tilbod (Faglig-råd, 2015). Elevane på dette ressurscenteret har store hjelpebehov på dei fleste område, og det er noko som ein må ta omsyn til. Det er difor ikkje alle nærskular som klarer å gi desse elevane eit godt tilbod på sin skule.

## 2.5 Ulike undervisings-/opplæringsmetodar

Sidan autisme for fyrste gong vart beskrive, har det vore diskusjonar om korleis behandlinga og opplæringa skal gå føre seg på ein best mogleg måte for denne gruppa. Karlsen trekker fram fem ulike opplæringsformer som har vore rådande i opplæringa av elevar med ASF. «... (a) Tradisjonell spesialundervising, (b) sansemotorisk behandling, (c) psykoterapier, (d) biologiske og medisinske intervensioner samt (e) opplæring basert på anvendt åtferdsanalyse» (Karlsen, 2003). Pga. oppgåva sitt omfang og problemstillinga mi, vil eg ikkje gå nærmare inn på kvar enkelt metode, bortsett frå opplæringa som er basert på åtferdsanalysen.

Dersom ein ser på den dokumentasjonen som har blitt gjort, verkar det som om tidleg, intensiv opplæring som er basert på anvendt åtferdsanalyse, er den metoden som har best dokumentert effekt for born med ASF. Samstundes er det viktig å nemne at det er mange område som kan forbetraast i denne metoden (Karlsen, 2003).

I 1998 vart det gjennomført ei forsking på ulike behandlingar for born med fylgjande lidinger: depresjon, angst og fobi, autisme, åtferdsproblem og ADHD. I 2008 vart det gjort ein

ny gjennomgang av forskinga, og den viste at åtferdsanalytisk tidlegintervensjon var den einaste behandlingsmetoden som var rangert som godt dokumentert for born med autisme (Eikeseth & Svartdal, 2010, s. 503–504). Forsking viser altså at denne metoden er effektiv når ein skal lære born nye dugleikar og den kan vere effektiv for å handtere åtferd (Devita-Raeburn, 2016).

I Noreg er det fleire barnehagar og skular som bruker opplæringsforma *tidleg og intensiv opplæring*. Denne metoden er basert på anvendt åtferdsanalyse og den tek føre seg seks komponentar som bør vere til stades under opplæringa av born med autisme (Karlsen, 2003). Desse komponentane er utvikla av Iovannone og hennar medarbeidarar. Dei har tatt utgangspunkt i undersøkingar frå fleire land. Desse komponentane er: a) Tilbodet er tilpassa individet b) systematisk instruksjon av borna, c) strukturerte og forståelege omgjevnadar, d) spesialisert innhald i undervisinga, e) ein funksjonell tilnærningsmåte til problemåtferd og g) pårørande som t.d. familie skal verte involverte (Iovannone, Dunlap, Huber, & Kincaid, 2003; Martinsen et al., 2015, s. 242). Det fyrste punktet er at ein må gi eleven eit individuelt tilbod. I Noreg har ein rett på ein individuell plan dersom ein har behov for langvarige og koordinerte tilbod.

Formålet med forskriften er å sikre at personer som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering, tilbys og ytes tjenester som kan bidra til stimulering av egen læring, motivasjon, økt funksjons- og mestringsevne, likeverdighet og deltagelse. Formålet er også å styrke samhandlinga mellom tjenesteyter og pasient og bruker og eventuelt pårørende, og mellom tjenesteytere og etater innen et forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåene (Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator med verknad frå 2012, § 1). (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011).

Det er eit stort gap mellom evidensbasert læring og den opplæringa som vert gjennomført for elevar med ASF. Evidensbasert læring er læring som forsking viser har dokumentert effekt (Barton, 2012, s. 8). For å vere evidensbasert læring, må forsking ha dokumentert at det er ein strategi som er effektiv for mange born. Målet for evidensbasert læring er å finne den metoden som er mest effektiv for born med autisme, men det målet har ikkje blitt nådd enno. Sjølv om ein metode ikkje nødvendigvis fungerer for alle, er det mogleg å finne fleire teknikkar som kan fungere for det enkelte barnet (Reichow & Reichow, 2012, s. 18).

## 3.0 Struktur og forsterking

I dette kapittelet vert det fyrst sett på bruken struktur, der eg vil trekke fram dagsplan og aktivitetsplan. Etter det vil eg presentere åtferdsanalytiske prinsipp, der eg i hovudsak vil ta for meg omgrepet forsterking. Når det er snakk om forsterking, vert bruken av motivasjonssystem/teiknøkonomi presentert.

### 3.1 Struktur

Strukturering er å lage oversikt over situasjoner og aktiviteter, blant annet over nærmiljøet samt hverdagens rutiner og gjøremål. Strukturering er nødvendig for at personer med ASD skal ha en forståelig sammenheng og forutsigbarhet i hverdagen. (Martinsen et al., 2016, s. 44).

Martinsen mfl. (2016) nemner fleire grunnar til kvifor det er nødvendig å ha ein tydeleg struktur i kvardagen. Ein god struktur er med på å gi ei oversikt over personen sitt liv, og det tek føre seg ein og ein dag. Det er også eit verktøy for å planlegge og gjennomføre tiltak. Denne strukturen er også med på å auke aktivitetsnivået til dei som er passive. Det kan også gi dei kunnskap om kva dei skal gjere i ulike sosiale settingar. Det kan føre til ei større ro når ein veit kva som skal skje. Det gjer kvardagen føreseieleg (Martinsen et al., 2016, s. 45).

Mange innan ASF har eit behov for å markere når ei oppgåve/aktivitet startar og når den skal avsluttast. Samstundes skal det vere tydeleg kva som skal skje etterpå (Martinsen & Tellevik, 2012, s. 498). Ein måte å visualisere det på, er å ta ned den aktiviteten som ein er ferdig med eller feste han på baksida av planen (Dyrbjerg & Vedel, 2007, s. 26).

Dersom ein er i sosiale situasjoner der ein ikkje veit kva som skjer eller skal skje og kva som er forventa av deg i denne situasjonen, kan ein oppleve eit stort ubehag. Klare rammer og struktur kan vere med på å førebygge denne kjensla. Det er også avgjerande at læraren har klare forventningar til eleven, slik at eleven er klar over kva forventningane er (Martinsen et al., 2016, s. 34, 53 og 59).

#### 3.1.1 Dagsplan/aktivitetsplan

Omgrepet aktivitetsplan og dagsplan vert brukt litt om kvarandre. Slik Martinsen og kollegaer (2016, s. 53) framstiller det, er ein dagsplan ein plan over barnet sine vakne timer. Ein aktivitetsplan beskriv kva ein person skal gjere i ein bestemt situasjon. McClannahan og Krantz (2008, s. 18–19) bruker omgrepet aktivitetsplan om både dagsplanar og andre planar. Dei ser på ein aktivitetsplan som eit sett med bilete eller ord som skal gi oversikt over ein sekvens med aktivitetar som skal gjennomførast. Eg vel å bruke definisjonen til Martinsen og kollegaer

(2016), der dagsplan er ein plan over dagen, medan aktivitetsplanane er meir konkret for ulike aktivitetar.

Martinsen og kollegaer (2016, s. 152) nemner tre grunnar til kvifor det kan vere nyttig å bruke planar i kvardagen for å få struktur. 1) Ein ynskjer å skape forventningar over kva som skal skje, slik at det skaper oversikt. 2) Ein vil unngå at forventningane vert brotne. 3) Ein ynskjer å unngå dei belastningane som kan oppstå dersom ein manglar struktur

Eit anna mål med slike planar er at personane som bruker planen skal få oversikt over det som skal skje, slik at dei skal trenre seg opp til å verte sjølvstendige. Når elevane vert meir sjølvstendige, kan det resultere i at planane reduserer behovet for hjelp og rettleiring frå dei vaksne (McClannahan & Krantz, 2008, s. 21). Dersom ein lærer ein elev å bruke dagsplan, i staden for å lære eleven til å alltid fylge same rutinen, kan det hjelpe eleven til å verte meir fleksibel dersom det oppstår nødvendige endringar i rutinane (Goldstein & Naglieri, 2013, s. 88).

Peeters og Gillberg (2002 s. 126) skriv at utviklinga av ein visuell dagsplan kan betraktast som eit ytre senario, der målet er å kompensere for det utilstrekkelege indre senarioet. Det indre senarioet hjelper oss til å organisere og regulere åferda vår. Slike planar vil hjelpe borna til å fokusere på naudsynelege aktivitetar, noko som kan føre til at det vert lettare å lære (Betts & Patrick, 2006, s. 152).

### 3.1.2 Åtferdsanalysen

I denne masteroppgåva vert teori om åtferdsanalysen omtala. Det er fordi dette ressurssenteret og dei tilsette bruker ein pedagogikk som er inspirert av grunnleggjande prinsipp frå åtferdsanalytisk pedagogikk. Blant anna spelar bruken av forsterking, som er eit åtferdsanalytisk omgrep, ei viktig rolle i opplæringa. Tidleg på 1960-talet vart disiplinen anvendt åtferdsanalyse presentert. Etter det har fagfeltet vore i kontinuerleg utvikling (Eikeseth & Svartdal, 2010).

Åtferdsanalyse har sine røter frå den behavioristiske filosofien, som kom på starten av 1900-talet. Denne tankegangen handla om at menneskeleg åtferd må basere seg på fakta i form av observerbare handlingar. Denne filosofien fekk kritikk av fleire for at han forenkla menneskeleg åtferd. Den behavioristiske filosofien har påverka både pedagogikk, psykologi, økonomi, politisk forsking og sosiologi (Isaksen & Karlsen, 2013, s. 15). John. B Watson var opphavsmannen for behaviorismen (Svartdal, 2017), medan B. F Skinner la grunnlaget for den

moderne åtferdsanalysen (Isaksen & Karlsen, 2013, s. 16). Åtferdsanalyse dreier seg om vitskapen som studerer handlingar i miljøet som er med på å påverke/forandre åtferd. Tidlegare var det vanlegare å rette fokus mot individet, og ikkje miljøet. Denne analysen analyserer kvifor vi handlar slik vi gjer. Kva skjer før, under og etter ei handling, og korleis er det med på å påverke moglegheitene for at det vil skje igjen (Isaksen & Karlsen, 2013, s. 13)? Nokon sit med forelda kunnskap og assosierer åtferdsanalyse med sterk vekt på straff, men åtferdsanalysen har med åra fått eit sterkt fokus på påskjøning. I moderne åtferdsanalyse er det ikkje berre fokus på individet, men òg systema som personen lever i (Reichelt & Skjerve, 1983; Skjerve, 2006).

Ole Ivar Løvaas var ein norskamerikansk psykolog som forska mykje på bruken av tidleg åtferdsanalyse på born med ASF. Løvaas gjennomførte ei forsking på unge born som hadde ASF. Han brukte ei intensiv åtferdsanalytisk behandling der borna hadde 40 timer med opplæring kvar veke. Borna som fekk denne behandlinga hadde ein stor framgang der 47 % fekk ein normal intellektuell og pedagogisk funksjon. I kontrollgruppa hadde borna ein svært låg progresjon, der var det berre 2 % som oppnådde det same. Borna i kontrollgruppa fekk ikkje ei åtferdsanalytisk opplæring og dei hadde 10 timer med opplæring på ei veke (Lovaas & Kazdin, 1987). Nokre år seinare skulle Løvaas med medarbeidarar igjen vurdere borna sin framgang. Forskinga viste at dei fleste av borna hadde mista mesteparten av det dei hadde lært. Av dette lærte Løvaas med medarbeidarar at treninga må haldast ved like (Smith & Eikeseth, 2011).

I USA er anvendt åtferdsanalyse den mest brukte behandlingsforma for menneske med autisme. Fleire som har fått denne behandlinga, eller har born som har fått denne behandlinga, er kritiske til denne metoden. Dei kritiserer metoden for å prøve å gjere borna «normale», i staden for å ha fokus på å respektere at denne gruppa er naturleg annleis. Opplæringa lærer borna sosialt aksepterte handlingar, men metoden vert kritisert fordi borna har vanskar med å bruke lærdomen i praksis, og det vert ei mekanisk handling (Devita-Raeburn, 2016). Forskinga til Løvaas og medarbeidarane hans om bruken av ei tidleg internsyv åtferdsanalytisk opplæring har òg blitt kritisert for bruken av straff. Nokre påstår at borna vert «robotaktige», og at det er ei stor belasting for foreldra. Opplæringa er svært intensiv og den tek lang tid. Foreldra spelar ei aktiv rolle i denne prosessen, og det kan verte krevjande for dei (Karlsen, 2002). Det finst mange ulike former for åtferdsanalytisk opplæring – frå dei moderate til dei ekstreme. Ein

metode kan fungere for ein elev, medan han ikkje fungerer for ein annan (Devita-Raeburn, 2016).

Det er viktig å setje fokus på at den moderne bruken av åtferdsanalyse ikkje er ein reindyrka form av åtferdsanalysen. Det finst mange ulike behandlingsformer for menneske med ASF, og mange av desse inneheld element frå åtferdsanalysen (Eikeseth & Svartdal, 2010, s. 234). Tiltak og behandlingstilbod som blant anna ART (Aggression Replacement Training), MST (Multisystemic therapy), PMTO (Parent Management Training – Oregonmodell) og «De Utrolige Årene»<sup>4</sup>, har blitt prega av prinsipp frå åtferdsanalysen (Kjøbli, 2009; Kornør, 2014; Madslien, 2017; Webster-Stratton et al., 2013). Ofte har born og ungdom med åtferdsvanskar fått forsterka problemåtferd, og desse tiltaka ynskjer å forsterke positiv åtferd som samsvarar med måla for behandlinga (Holden, 2006).

Avslutningsvis er det nødvendig å setje fokus på at alle pedagogiske retningar har fokus og er basert på motivasjon, belønning og ros. Det har blitt forska mykje på ulike typar motivasjon, og det er eit viktig omgrep for pedagogisk praksis (Ryan & Deci, 2000). I åtferdsanalysen er omgrepet forsterking eit av dei mest essensielle omgrepene i åtferdsanalysen og det er eit svært viktig verktøy for å forme og forstå åtferd (Svartdal & Holth, 2010, s. 22). Tidlegare la åtferdsanalysen stor vekt på å forklare åtferd med forsterking. «Men åtferdsanalysen studerer i økende grad variabler som gjør forsterkere effektive. Det er dette som i åtferdsannalysen kalles *motivasjon*» (Holden, 2010, s. 61).

Vidare vil eg sjå på tre sentrale omgrep som høyrer til åtferdsanalysen: diskriminativ stimulus (SD), operant åtferd (O) og forsterkande stimulus (SR) (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 102). I denne masteren vil det vere hovudfokus på forsterkande stimulus.

### 3.2 Forsterkande stimulus

«Diskriminativ stimulus (SD) er en forutgående hendelse. Denne hendelsen signaliserer tid/og eller sted som informerer mennesket om hans/hennes atferd (operant atferd) vil få gunstige konsekvenser» (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 103). Dette omgrepet set fokus på kva vi seier eller gjer for å få barnet til å ha den åtferda vi ynskjer barnet skal ha. Ein slik stimulus fører til at

<sup>4</sup> ART er eit tiltak som har til mål å redusere eller førebygge problemåtferd. Det kan vere born som har utvikla åtferdsvanskar eller som er i ein risiko for å utvikle det (Kjøbli, 2009). MST er eit tilbod for familiar som har ungdom med åtferdsvanskar. Målet er å hjelpe ungdomen, og prøve å redusere desse vanskane (Kornør, 2014). PMTO er eit lågterskelttilbod til familiar med born som har åtferdsproblem. Ein ynskjer at foreldra og barnet skal få ein god relasjon, og ein vil redusere opposisjonell åtferd (Madslien, 2017). «De utrolige årene» er også eit tiltak for å behandle og redusere problemåtferd til born (Webster-Stratton, Thorbjørnsen, & Mørch, 2013).

barnet handlar, og ei slik åtferd vert kalla operant åtferd (OA). Ein vel å fortsette med den oppførselen, fordi konsekvensen av handlinga fungerer som ein forsterkande stimulus. Når ein arbeider med menneske med ASF, er kunnskap om operant åtferd viktig dersom ein ynskjer å gjere noko med åtferda til barnet (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 103).

Forsterkande stimulus er ein konsekvens av oppførselen til ein person. Denne stimulusen skal vere med på å oppretthalde eller auke ynskjeleg oppførsel, medan han skal hindre åtferd som ikkje er ynskjeleg (Øzerk & Øzerk, 2013). Alt vi gjer og seier vert styrt av forsterkarar. Ein kan dele forsterking i to omgrep, positiv og negativ forsterking. Ei positiv forsterking er når noko positivt vert tilført etter ei åtferd. Ein gjentek handlingar som fører til at ein får ei positiv oppleving, eller som fører til at ein oppnår noko. Små born får ros når dei klarer å kle på seg. Denne rosen er ei positiv forsterking, som kan føre til at barnet oftare kler på seg sjølv åleine (Isaksen & Karlsen, 2013, s. 36–37). Ei negativ forsterking er når eit ubehag vert fjerna etter ein oppførsel (Cooper, Heron, & Heward, 2007, s. 302). Det kan t.d. vere at ein tek av seg eit par sko fordi ein byrjar å få gnagsår. Det er då meir sannsynleg at ein gjer det same neste gong dette skjer (Skinner, 1993, s.51). Både positiv og negativ forsterking er med på å gjere det meir sannsynleg at ei liknande åtferd vert gjort fleire gongar (Cooper et al., 2007, s. 258). Kva slags type forsterking barnet føretrekk kan variere frå barn til barn. Det er også nødvendig å variere og rotore på kva slags forsterking som vert brukt (Reichow & Reichow, 2012, s. 6).

Det må vere mogleg å gi forsterkaren like etter barnet har hatt ynskjeleg åtferd. Mat og godteri er ofte populære forsterkarar. Dei er lette å gi raskt og presist etter rett åtferd. Dersom ein har god tilgang på ein forsterkar, vil effekten til forsterkaren minke eller verte heilt vekk. Dette vert kalla metning (Holden, 2016, s. 68). Mat og godteri kan ein gi i små mengder, noko som fører til at det er lite problem med metning. På den andre sida må ein passe på at forsterkinga ikkje vert for lita, slik at ho misser effekten sin. Effekten av ein forsterkar aukar dersom ein ikkje har så stor tilgang på forsterkaren. Forsterkaren må også kunne verte halden tilbake til barnet har rett åtferd (Horne & Øyen, 2007, s. 29 og 57).

### 3.2.1 Motivasjonssystem/teiknøkonomi

Eit motivasjonssystem er eit system som skal vere med på å auke motivasjonen til ein person ved hjelp av påskjøningar. Eit slikt motivasjonssystem kan også verte kalla *teiknøkonomi*, medan det på engelsk vert det kalla *token economy* (Horne & Øyen, 2007, s. 51). Omgrepa motivasjonssystem og teiknøkonomi vert difor brukte litt om kvarandre i denne teksta. Det kan t.d. vere eit brett som skal fyllast opp med stjerner, kryss, brikker eller smilefjes. Barnet får

desse når det gjer noko som er avtalt på førehand, eller dersom barnet let vere å gjere noko som det ikkje skal. Når brettet er fullt, skal barnet få ei påskjøning, denne påskjøninga vert kalla sluttforsterkar. Det er sjeldan nødvendig med ei stor påskjøning, for som oftast er sjølve systemet og det å klare det ein premie i seg sjølv. Forventningane til barnet må vere tydelege, slik at både barnet og den vaksne er sikker på når barnet skal få påskjøninga (Isaksen & Karlsen, 2013, s. 79).

Ein fordel med bruken av slike motivasjonssystem, er at dei viser kor lenge personen må arbeide før han får pause. Det er også mogleg å ta med seg brettet, slik at ein kan arbeide med dugleikar fleire stadar (Horne & Øyen, 2007, s. 58). Når ein har nådd eit mål eller ein byrjar å beherske ein dugleik, må ein trappe ned på bruken av forsterking. Dersom ein tidlegare fekk forsterkar etter kvart rette svar, kan ein trappe ned til å gi forsterkarar etter kvar 4.-5. gong. Det er også mogleg å auke talet på brikker på brettet, slik at ein må halde på lengre før ein får påskjøninga til slutt (Gills & Pence, 2015, s. 267).

## 4.0 Forskingsdesign og forskingsmetode

Fyrst vil eg byrje med å skrive litt om forsking og forskingskonteksten før eg går vidare på forskingsprosessen. Der vil eg trekke fram utarbeidinga av problemstillinga, utval og rekruttering. Vidare vert det sett på val av forskingsmetode. Til slutt vil etikk, reliabilitet og validitet verte drøfta.

### 4.1 Forsking

Skogen (2006, s. 16) beskriv forsking på denne måten: «Det dreier seg om å lete frem kunnskaper som belyser en sak slik at vi kan forstå den bedre». Kleven skriv at forsking startar med eit spørsmål. Ein lurer på noko ein ynskjer å finne ut av (Kleven, 2014, s. 12). I lengre tid har eg undra meg over korleis undervisinga for elevgruppa med ASF går føre seg. All samfunnsforskning dreier seg om å undersøke menneske si verkelegheit. Denne verkelegheita er kompleks, og alle menneske har ulike oppfatningar (Johannessen, Christoffersen, & Tufte, 2016, s. 31). Eg vil fokusere på dei tilsette som arbeider med denne gruppa og få innsikt i deira arbeid. Grunnen til at eg vil forske på dette, er at eg ynskjer å få meir kunnskap om korleis dei tilsette bruker struktur og forsterking i opplæringa for elevar med ASF.

### 4.2 Forskingskontekst

Det verkar nødvendig å fortelje litt om skulen som eg henta data frå, før eg går vidare. Skulen har eit eige ressurssenter for elevar med autisme. Det er ca. 20 elevar som nyttar seg av dette tilbodet, og elevgruppa er frå 1.-10. trinn. Kvar elev har sin eigen individuelle opplæringsplan<sup>5</sup>. Opplæringa er individuelt tilrettelagd for kvar elev, og minimun ein tilsett fylgjer ein elev. Elevane som går på denne skulen, har store behov for tilrettelegging. Ein del av dei har ikkje eit munnleg språk, men nokre av dei har det. Mange av dei som ikkje har eit munnleg språk, bruker bilete eller teikn til tale som alternativ kommunikasjon. Alle elevane har ei klasse som dei tilhører, så av og til er dei saman med klassa si.

På dette ressurssenteret arbeider dei tilsette som eit tverrfagleg team. Både spesialpedagogar, lærarar, ergoterapeutar, vernepleiarar og fagarbeidarar arbeider saman for å gi elevane eit godt tilbod. Kvar elev har sitt eige rom der eleven kan få opplæring, trenar eller kvile. Kvart rom er tilpassa det enkelte barnet. Fellesareal som kjøkken, stove, gang,

---

<sup>5</sup>Elevar som ikkje har eit tilfredsstillande utbytte av undervisinga, har rett på spesialundervisning. Dersom ein elev får spesialundervising, har eleven rett på ein individuell opplæringsplan i følge opplæringslova § 5-5. Denne planen skal beskrive mål og innhald i opplæringa, samt korleis den skal gjennomførast (Gomnæs & Rognhaug, 2014).

treningsrom, vaskerom, gymnastikksal og liknande vert brukte av alle. Sjølve opplæringa dreier seg mykje om at elevane skal meistre kvardagsaktivitetar som det er nødvendig å kunne. Det kan vere alt frå å øve på å sitje fint ved bordet til å lære seg å rekne eller bruke bilete som kommunikasjon.

#### 4.3 Kvalitativ metode

For å få svar på problemstillinga, må ein ha ein forskingsmetode som kan svare på dei spørsmåla ein har. Forskingsmetoden skal vere med på å gi kunnskap om emnet (Kleven, 2014, s. 16). Når ein vel metode, må ein velje ein metode som er relevant ut frå kva problemstillinga er (Thagaard, 2013, s. 58). Det verkar føremålstenleg å bruke ein kvalitativ metode, sidan eg ynskjer å gå djupare inn på dette emnet og intervjuje tilsette som arbeider med denne elevgruppa. Karlsdóttir (2011, s. 17) beskriv kvalitativ metode på denne måten: «Forskeren er særlig opptatt av beskrivelser som tolker og forklarer kulturen, livet, samfunnet og de sosiale strukturene som styrer interaksjoner og holdninger». Ho skriv også at målet med den kvalitative metoden er å løfte fram og sette fokus på det perspektivet og dei førestillingane som informanten har. Forskinga mi er ein generell kvalitativ metode, og kan ikkje plasserast innan ei retning. Ho er basert på observasjon og semistrukturert forskingsintervju.

Eg ynskjer å få innblikk i dei tilsette sitt arbeid med elevar med ASF. Kvar er det vel betre å leite etter den kunnskapen enn i ein skule som har eit ressurstilbod for akkurat denne gruppa? Kva tankar har desse om undervisinga av denne elevgruppa, og korleis bruker dei ein klar struktur og forsterkarar som ei tilrettelegging? Den kvalitative metoden går i djupna, og ikkje i breidda. Denne forskingstradisjonen legg vekt på eit nært og tett forhold mellom forskaren og den personen eller miljøet som det vert forska på (Repstad, 2007, s.17). Når eg skal svare på mi problemstilling, vil eg kome tett inn på dei personane som vert intervjua. Eg trer også inn i eit nytt miljø, der eg ynskjer å få innblikk og forståing for kva dei gjer og kvifor dei gjer det. Merriam skriv at i kvalitativ forsking, er forskaren det primære instrumentet i datainnsamlinga. Det er forskaren som vel tema, lagar intervjuguide, gjennomfører intervju/ observasjonane og som skal tolke og drøfte resultata. Forskaren spelar difor ei svært stor rolle i heile forskingsprosessen (Merriam, 2009).

## 4.4 Forskinsprosessen

### 4.4.1 Problemstilling

Problemstillinga for denne studien var: *Korleis kan ein bruke struktur og forsterking i opplæringa for elevar med ASF, og kva fordelar og utfordringar meiner tre ressurssenter tilsette desse tiltaka kan ha?».*

Utforming av problemstillinga vert ofte sett på som ein av dei mest utfordrande prosessane i forskinga. Denne utforminga innan kvalitativ forsking er ein kontinuerleg prosess, der ein må ta omsyn til at den skal vere open nok, slik at det kan vere mogleg å kunne oppdage det som verkar interessant. Samstundes må problemstillinga også vere avgrensa, slik at forskaren veit kva han skal fokusere på (Thagaard, 2013, s. 50). Eg ville sjå på dei elevane med ASF som hadde store behov for tilrettelegging og som nyttar seg av eit eige opplæringstilbod. Eg tok kontakt med ein skule som har eit slikt tilbod, og dei var positive til at eg kunne skrive masteren min ut frå deira skule. Dette var eit strategisk val av utval – som kvalitative studiar baserer seg på. Det var viktig for meg å sikre at informantane hadde høg kompetanse og mangfaldig erfaring med elevar med desse vanskar (Thagaard, 2013, s. 60). Min kontaktperson var ein kommunal tilsett med ei overordna stilling og med eit stort kontaktnett. Ho hadde god kjennskap til dette autismetilbodet. Ho får det fiktive namnet Anne.

Før eg hadde bestemt meg for fokusområde, var eg på skulen for å gjennomføre ein generell observasjon. Eg ville sjå på korleis dei gjennomførte opplæringa, for å sjå om det var nokre pedagogiske tiltak eg fatta spesiell interesse for. Gjennom observasjon og samtale med Anne, vart eg interessert i å fokusere på bruken av struktur og forsterkarar. Forsterkarar var noko dei fleste tilsette brukte for å motivere elevane. Anne fortalte at fleirtalet av desse elevane har vanskar med å verte motiverte av indre motivasjon, noko som fører til at dei i større grad må bruke ytre motivasjon. I mi lærarutdanning har det vore fokus på at ein skal motivere elevane slik at dei får ei indre lyst til å lære. Ytre motivasjon har på den andre sida blitt diskutert med eit kritisk blikk. Møte med denne typen forsterking gjorde at eg vart interessert i å få innblikk i grunngjevinga bak denne pedagogikken.

Tydeleg struktur vert ofte nemnt som eit godt og viktig verkemiddel for elevar med ASF, sidan det er med på å skape struktur og oversikt over dagen (Martinsen et al., 2016). I mi utdanning har det vore fokus på at dette er eit godt hjelpemiddel for desse. Erfaringane mine frå å arbeide med denne gruppa stemmer overeins med dette. Eg har fått inntrykk av at det er til

god hjelp, sjølv om slike personlege praksisrefleksjonar slett ikkje kan sidestillast med evidensbasert forsking. Sidan klar struktur verkar som eit nødvendig pedagogisk tiltak, ville eg ha fokus på både ein tydeleg struktur og forsterking i denne masteroppgåva.

#### 4.4.2 Utval og rekruttering

Grunnen til at eg tok kontakt med denne skulen, var at dei berre arbeider med elevar med ASF og har kunnskap og erfaringar som ikkje så mange andre skular har. Det vart då naturleg å intervju og observere dei tilsette som arbeider på dette ressurssenteret. Gruppa representerer eit homogent utval sidan det er eit utval som har liten variasjon med tanke på sentrale kjenneteikn. Alle arbeider på same arbeidsplassen med same elevgruppa (Johannessen et al., 2016, s. 118).

Når Thagaard (2013) stiller spørsmålet om kor mange informantar det er nødvendig å ha, svarer ho at ein må intervju så mange som det trengst for å finne ut av det ein ynskjer å vite noko om. Dersom det vert for mange informantar, er det umogleg å gjere ei djuptgåande analyse på alle. Vert det for få informantar, får ein ikkje ei forståing av fenomenet ein studerer (Thagaard, 2013, s. 65). Eg hadde eit ynskje om ha minimum tre informantar. Etter å ha intervjuat tre informantar, var planen å ta ei vurdering om det var nok data. Dersom det ikkje var det, ville eg intervju fleire. Tanken bak å ha omrent tre informantar var at det er få nok til at eg kan gjere grundige analysar, samstundes som det kan vere mange nok til å få eit innblikk i spørsmåla som eg er interesserte i. Dei tre informantane svarte ein del likt på spørsmåla. Eg trur difor ikkje at det hadde kome så mykje ny informasjon om eg hadde hatt fleire informantar. Thagaard (2013) skriv at ein oppnår eit metningspunkt når utvalet er stort nok til å gi ei forståing av fenomenet eller den prosessen som vert forska på. Etter tre intervju, trur eg at det hadde nådd eit metningspunkt. Det betyr altså at det ikkje kom noko særleg nytt fram i det siste, sett i høve til fyrste intervjuet. Alle informantane arbeider på same stad, noko som kan føre til at dei har mange like erfaringar og faglege perspektiv. Dei har kanskje fått lik opplæring og dei har felles retningslinjer som alle skal fylge. Sidan dei arbeider så tett saman, kan ein tenkje seg at metninga oppstår tidlegare, samanlikna med dersom eg hadde fått informantar frå ulike arbeidsplassar. Ein kan difor stille seg spørsmålet om eg heller burde ha henta informantar frå ulike arbeidsplassar. Det hadde nok blitt tidkrevjande, samstundes kunne det ha vore interessant å få innblikk i korleis andre gjennomfører denne opplæringa. Samstundes var det veldig praktisk å ha informantane på den same skulen, med tanke på organisering og

gjennomføring av intervjeta og observasjonane og erfaringsgrunnlaget som eg ville ha hjå informantane. Difor valde eg å gjere det på denne måten.

Anne hjelpte meg med å finne informantar. Ho var det som ein kan kalle ein gatekeeper. Ein gatekeeper kan vere ein person som har kjennskap til kven som sit inne med kunnskap. Det kan vere ein person som er god til å byggje relasjonar, og gatekeeperen er ofte som ei slags bru mellom ulike delar av ein organisasjon (Smith, 2006, s. 243). Eg spurde etter tre tilsette som var i ulik alder og både menn og kvinner. Informantane vart valde uavhengig av kva utdanning dei har. Det er viktig å setje fokus på at dei ulike yrka har ulik teoribakgrunn, fokusområde og erfaringar. Skulen ser på dette som noko positivt, sidan dei tilsette kan bidra på ulike måtar. Grunnen til at eg ville ha informantar i varierande aldersgruppe, var at dei kan ha ulike erfaringar ut frå desse kjenneteikna. Dei som er nyutdanna har kanskje eit anna fokus enn dei som har arbeidd der lenge, og dei hugsar kanskje betre teorien frå utdanninga si. Ei av årsakene til at eg ville ha både menn og kvinner som informantar, var at eg ville ha ei variert gruppe av informantar. Eg tenkte det kunne føre til at ulike sider vart belyste i intervjeta. Det kan sjølv sagt vere ei ulempe at Anne tipsa meg om informantane, sidan ho då kunne velje tilsette som frontar visse meningar eller vel informantar som representerer ei viss gruppe. Det kan hindre meg i å få ulike tankar og meningar. På den andre sida kan det vere ei god hjelp, sidan ho valde ut tilsette som har mykje kunnskap om denne opplæringa og som er vane med å forklare og legge fram erfaringar.

Dei tre informantane mine var mellom 34 og 44 år. Det var to kvinner og ein mann. Alle hadde relevante utdanninger innan dette feltet. Alle har jobba ein del år på dette ressurssenteret, frå 9 til 17 år. Det var difor menneske som hadde relativt lang erfaring med å arbeide med denne elevgruppa. Eg vil kalle den første informanten for Elisabeth, den andre Anders og den siste Maria.

#### 4.4.3 Observasjon

For å svare på problemstillinga, tykkjer eg at det verkar føremålstenleg å bruke observasjon og intervju som metode. Observasjon er ein god metode for å gi informasjon om praksis, korleis personar stiller seg til kvarandre og korleis dei presenterer seg sjølv i sine omgjevnadar (Thagaard, 2013, s. 58). Observasjon vert brukt som ein supplerande metode for å kunne svare på problemstillinga, eller det vert brukt for å undersøke problemstillinga frå eit anna perspektiv (Johannessen et al., 2016, s. 129). Sidan eg ikkje har så mykje erfaring med korleis undervisinga for elevar med ASF går føre seg, tykte eg at det kunne vere ein fordel å ha

observert det før eg gjennomførte intervjuia. Ei anna grunngjeving til at eg ville bruke observasjon som metode, var at eg ville basere litt av intervjuet på observasjonane. I observasjonane ville eg sjå på korleis dei brukte fast struktur og forsterking i opplæringa. Kva metodar brukte dei for å skape struktur, og kva slags forsterkarar brukte dei? Kvar observasjon varte i litt over ein time. For å unngå å prege observasjonen, er det viktig at forskaren prøver å verte lite lagt merke til (Thagaard, 2013, s. 79). Eg valde å sette meg i litt avstand frå opplæringssituasjonen, samstundes som eg hadde god oversikt over kva som skjedde. Elevane vart ikkje forstyrra av at eg var der. I alle fall ein av elevane hadde fått beskjed om at eg skulle kome. Den tilsette og eleven gjennomførte det dei skulle, utan at dei vart distrahert av at eg sat i rommet. Det verka som elevane anerkjente at eg var der, men dei tok ikkje noko kontakt med meg. Eg trur difor ikkje mitt nærvær prega samspelet eller situasjonen i noko stor grad.

#### 4.4.4 Intervju

Eit av måla til det kvalitative forskingsintervjuet er at ein ynskjer å forstå verda frå informanten si side (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 20). Eit intervju er særleg eigna til å få innsikt i informanten sine erfaringar, kjensler og tankar. Det finst fleire ulike måtar å intervju på. Anten kan ein ha eit ope intervju, eller så kan ein ha eit meir strukturert intervju. Intervjuet eg gjennomførte var semistrukturerte intervju (Dalen, 2013, s. 26). Eit semistrukturert intervju er verken ein open samtale eller ein samtale som kun er basert på eit spørjeskjema, men det er noko mellom det (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 46). Før ein gjennomfører intervjuet, må ein lage ein intervjuguide. Denne guiden må innehalde tema og spørsmål som ein ynskjer å klargjere (Dalen, 2013, s. 26). I eit semistrukturert intervju, har ein den overordna intervjuguiden som utgangspunkt, men ein kan variere spørsmål, tema og rekkefølgje i intervjuet (Johannessen et al., 2016, s. 148). Når ein vel å bruke eit semistrukturert intervju, har ein høve til å stille oppfylgingsspørsmål. Ein kan også ta tak i andre emne som ein fattar interesse for, for å få meir utfyllande informasjon. Fordelen med denne metoden er at ein kan gå djupare enn det strukturerte intervjuet (Johnsen, 2006, s. 119).

Eg valde å sende intervjuguiden til informantane ei stund før intervjuet skulle gjennomførast. Informantane fekk då eit høve til å førebu seg til intervjuet, noko som kan gjøre intervjsituasjonen tryggare og meir føreseieleg for informanten. Dei kan få tid til å reflektere over spørsmåla før intervjuet vert gjort. Alle informantane hadde førebudd seg godt til intervjuet, og dei hadde notert og tenkt på svara på førehand. Under intervjuet brukte dei notata sine. Det kan vere både fordelar og ulemper med det. Til dømes kan ein kan gå glipp av

spontane reaksjonar og refleksjonar, eller dei kan ha for mykje fokus på notane som dei har skrive. Nokre vert kanskje usikre dersom det kjem spørsmål som dei ikkje har førebudd svara på. Eg tykkjer at det gjekk fint med informantane mine, og dei svarte også godt på spørsmål som dei ikkje hadde fått førebudd seg på.

Ein dag etter at eg hadde gjennomført observasjonen, gjorde eg intervjuet. Sidan eg hadde fleire intervju og fleire observasjonar, var eg difor innom skulen fleire gongar. Eg hadde eit par spørsmål frå observasjonane dagen før, men det var hovudvekt av spørsmål som eg hadde førebudd i intervjuguiden. Ved å gjennomføre observasjonar av opplæringssituasjonar, fekk eg høve til å sjå på korleis dei gjorde det i praksis, og ikkje berre få innsyn i det dei fortalte. Dersom det var noko som var uklart frå observasjonen, kunne eg spørje om det i intervjuet. På den måten vart kanskje intervjuet meir konkret og praksisnært, sidan eg kunne ta utgangspunkt i observasjonen.

Intervjuet vart gjennomført på eit møterom på skulen. På rommet var det eit lite vindauge som ein kunne sjå ut og inn av. Det var ikkje så langt frå personalromma til dei tilsette på skulen, så dersom dei skulle inn på kontoret sitt, gjekk dei ofte forbi der. Det var difor nokre som gjekk forbi rommet som hadde høve til å sjå kven eg intervjuia. Dette er noko ein må tenke på med tanke på personvern. Under observasjonane var det også mange som fekk med seg kven eg observerte. Denne forskinga belyser ikkje så mange sensitive tema og det er ikkje ulemper eller farar ved å delta i forskinga, så difor gjer det ikkje så mykje at nokre av dei andre tilsette fekk med seg kven som vart intervjuia. Det vart tatt opp i lærarstaben at eg skulle kome, så dei visste om at nokre av lærarane skulle vere informantar.

Då eg gjennomførte det første intervjuet med Elisabeth, hadde vi god tid. Vi hadde over ein time til disposisjon. Sidan vi hadde så god tid, kunne eg stille oppfylgingsspørsmål om det eg lurte på, og eg slapp å tenke på at vi hadde dårlig tid. Det trur eg førte til ein betre flyt, og eg var meir avslappa. I intervjuet med Anders og Maria hadde vi litt under ein time, før dei måtte gå. Dette gjorde meg litt stressa, og eg vart opphengt i at eg måtte få stilt dei viktigaste spørsmåla før tida var over. I ettertid ser eg fleire oppfylgingsspørsmål som eg kunne ha stilt. Eg ser også at vi brukte mest tid på å snakke om bruken av dagsplan, medan det vart litt mindre tid til å snakke om bruken av forsterkarar.

#### 4.4.5 Bandopptakar

Dalen (2013, s. 28) skriv at for å få eit godt grunnlag for analyse og tolking, bør ein ta opp intervjuet på bandopptakar. Dersom ein nyttar seg av ein bandopptakar, kan intervjuaren fokusere på emnet og dynamikken i intervjuet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). At eg brukte bandopptakar, gjorde at eg slapp å skrive ned alt informanten sa undervegs i intervjuet. Det førte til at eg kunne fokusere meir på å vere ein god lyttar. Det vart lettare for meg å tenkje på eventuelle oppfylgingsspørsmål, kroppsspråket til informanten og situasjonen rundt hendinga. Eg følte også at eg fekk betre kontakt med informanten, når eg ikkje trengte å skrive. Under intervjuet valde eg å notere litt, for å notere ned eventuelle spørsmål, eller dersom eg la merke til noko spesielt. Det var også for å unngå å ha augekontakt heile tida, slik at det ikkje vart så intenst.

#### 4.4.6 Transkripsjon

Når ein transkriberer eit intervju, vert samtalet strukturert, noko som fører til at det vert lettare å analysere teksta (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206). Dersom ein gjer transkripsjonen sjølv, lærer ein mykje om sin eigen intervjustil, samstundes som ein allereie då vil starte analyseprosessen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 89). Eg sette transkripsjonane inn i tabellar der eg hadde ei eiga kolonne for mine eigne tankar og refleksjonar. På den måten fekk eg delt opp teksta litt. Eg valde ein fortetta transkripsjon, det vil seie at eg utelet fyllord, slik som t.d. «hmm» og «eeeeh». Eg hadde heller ikkje markering der informantane la trykk på ord, eller drog orda ut til å bli lange eller gjentok ord/setningar. Eg markerte heller ikkje korte eller lengre pausar i samtalet. Intervjua vart transkriberte undervegs, slik at eg hadde intervjuet friskt i minnet. Til saman vart det 40 sider med transkripsjonar.

#### 4.4.7 Analyse

Nokre ser på analyse og fortolkinga som to prosessar. Analysen handlar om prosessen der ein ordnar data slik at ein kan finne mønster i dei. Fortolkinga inneber å setje noko inn i ein større samanheng, slik at ein kan skape mening i funna. Det er vanleg å setje relevant teori opp mot funna. Desse prosessane glir inn i kvarandre, difor vel eg å sjå på dei som eitt (Johannessen et al., 2016, s. 162; Nilssen, 2014, s. 104; Repstad, 2007, s. 113). Analyseprosessen startar heilt i starten av forskingsprosessen, og den er med gjennom heile prosessen. Analyseringa vil vere ein kontinuerleg prosess (Nilssen, 2014, s. 101).

I analysedelen kan ein trekke inn hermeneutikken, sidan den fokuserer på nettopp dette. «*Hermeneutikken* som betyr «læren om tolkning», danner et vitenskapsteoretisk fundament for

den kvalitative forskningens sterke vekt på forståelse og fortolking» (Dalen, 2013, s. 17). Målet er rett og slett at ein ynskjer å få ei forståing av det informanten fortel. Vidare skriv Dalen (2013) at den hermeneutiske spiral set fokus på at det må vere eit samspel mellom heilskap og del for å kunne oppnå ei større forståing. All tolking består av ein hyppig bevegelse mellom del og heilskap (Nilssen, 2014, s. 72). Mi førforståing vil prege korleis eg analyserer datamaterialet mitt. Eg har sjølv arbeidd litt med menneske med autisme. Eg hadde ei førforståing av at ein klar struktur er ein viktig faktor for menneske med ASF før eg byrja med å lese meg opp på teori og starta datainnsamlinga. Som utdanna lærar har eg ei førforståing av at motivasjon, og spesielt indre motivasjon er ein viktig faktor i opplæringa. Under datainnsamlinga møtte eg på element som ikkje stemte med mi førforståing. I ein slik situasjon må ein kanskje tilpasse eller forandre si eiga førforståing (Nilssen, 2014, s. 69). Når eg byrja med å lese meg opp på teori og starta datainnsamlinga, fekk eg meir kunnskap om emnet, og i observasjonane og i intervjuet fekk eg innblikk i andre erfaringar. Eg fekk òg sjå korleis dei nytta desse verktøyen i praksis.

I analysen valde eg å ta utgangspunkt i intervjuet sine hovudfokus. Johannesen med kollegaer (2015) skriv at det er nødvendig å lage ei oversikt over datamaterialet for å legge merke til mønster i datamaterialet. I ein tabell førte eg opp punktvis kva som hadde blitt snakka om under kvart spørsmål. Ved å gjere det på denne måten kunne eg sjå kva emne det hadde vore hovudfokus på. Til slutt valde eg å fokusere på desse emna; erfaringane frå å jobbe med denne gruppa, bruken av klar struktur og forsterking og fordelane og utfordringane med bruken av desse to tiltaka. Denne tabellen førte også til at eg kunne samanlikne det informantane hadde sagt. Eg hadde god oversikt over kva dei ulike informantane hadde peika på i intervjuet, og det vart tydeleg kva av det som vart trekt fram som var likt og ulikt. Eg hadde hovudfokus på dei erfaringane som stemte overeins med fleire, men eg valde også å fokusere på element som berre ein eller to hadde peika på. Her valde eg å trekke fram erfaringar som både er presentert i teori, og erfaringar som eg ikkje har funne noko teori på.

## 4.5 Etikk

Målet til forsking er å søke etter ny og betre innsikt. Vitskapen si viktigaste oppgåve er å søke etter sanninga. Det er ingen garanti for å klare å nå det målet. Konklusjonar som vert gjort er førebels og begrensande. «Vitenskapens normer har likevel en verdi i seg selv som retningsgivende og regulerende både for forskerens sannferdigheit og forskersamfunnets sannhetssøken» (Kalleberg, 2006, s. 9).

I dette avsnittet vil eg belyse nokre retningslinjer som er utarbeidde av *Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitskap, juss og humaniora*. Ein av dei viktigaste retningslinjene eg vil ta fram, er at forskaren skal respektere informantane sin autonomi, integritet og fridom og at det skal vere mogleg for dei å vere med på å bestemme (Kalleberg, 2006, s. 12). For det fyrste må informanten samtykke til at han ynskjer å delta i forskinga. Informanten har rett til å avbryte deltakinga når som helst utan å grunngjeve årsaka, dersom han ynskjer det. Informanten må òg få tilstrekkeleg informasjon om forskinga (Dalen, 2013, s. 101). Han må få vite om forskingsfeltet og få innsikt i kva som er målet med forskinga. Informanten må også få vite kven som får tilgang til informasjonen, korleis resultata vert brukte og om der er nokre konsekvensar av å delta i forskinga (Kalleberg, 2006, s. 13). Denne informasjonen kan ein gi ved å lage eit informasjonsskriv til deltakarane. Mitt informasjonsskriv til foreldra og informantane kan du finne i Vedlegg nr 1 og 2. All informasjon som vert gitt om personlege forhold, skal behandlast konfidensielt. Det er viktig å anonymisere informasjonen som vert gitt, slik at det ikkje er mogleg å identifisere nokon av informantane (Dalen, 2013, s. 101–102). Grunnen til at det ikkje har blitt oppgitt kvar i landet skulen ligg eller kva skulen heiter, er for å sikre konfidensialiteten til informantane og elevane som har blitt observerte. Foreldra har fått informasjonsbrev og godkjent at deira barn kan verte observert. Dalen (2013) presiserer vidare at forskaren også må ta spesielt omsyn til svakstilte grupper. Dette er menneske som er i utfordrande og utsette livssituasjonar. Det er ikkje alltid like lett for desse å verne om sine eigne interesser, og dette er noko som forskaren må ta omsyn til. Desse elevane kan verte sett på som ei slik gruppe, sidan ein del av dei ikkje har språk til å uttale meiningane sine. Under observasjonane var eg ekstra påpasseleg med å setje meg i bakrunnen, slik at eg ikkje forstyrra samspelet mellom den tilsette og eleven.

#### 4.5.1 Reliabilitet og validitet

Repstad (2007, s. 134) skriv at ein viktig del av forskingsprosessen dreier seg om å vere kritisk til kvaliteten på den forskinga ein har gjort. Reliabilitet og validitet har blitt eit uttrykk for kor god kvaliteten er i forskinga. Det har blitt diskutert om desse omgrepene kan brukast i samanheng med kvantitative målingar, sidan desse omgrepene er tett knytte opp til kvantitative data. Nokre vel å bruke omgrepene truverd og bekreftebarheit i staden for reliabilitet og validitet, i tillegg til gjennkjenbarheit og overførbarheit (Ringdal, 2013, s. 248). I denne teksta vil omgrepene reliabilitet og validitet verte brukte.

Reliabilitet vert ofte knytt saman med kor påliteleg forskinga er. Det dreier seg om ein har klart å gjennomføre undersøkinga utan feil og manglar, og om informasjonen og måleinstrumenta er pålitelege og presise. Om ein annan forskar kan kome fram til det same svaret, er også eit spørsmål ein kan knytte til reliabilitet. Det gjeld når ein forskar på eit fenomen som ikkje endrar seg etter tid eller kontekst. Dersom ein t.d. får det same spørsmålet 20 gongar, vil nok ikkje svaret og reaksjonen vere lik frå gong til gong (Repstad, 2007, s. 134). Som sagt så er forskaren eit instrument i forskinga. Forskaren har sin eigen bakgrunn og eigne erfaringar, og det er difor vanskeleg for ein annan person å tolke det på same måten som forskaren. Det er difor umogleg for ein forskar å gjenskape ein annan forskar si kvalitative forsking (Johannessen et al., 2016, s. 232). Forsking er ikkje objektivt, nettopp på grunn av at vi har ulike bakgrunnar, interesser, verdiar og haldningar. Det pregar kva spørsmål ein stiller og korleis ein tolkar resultata. Det vil prege heile forskingsprosessen (Kleven, 2014, s. 24).

Validitet dreier seg om ein har målt det ein ynskjer å måle (Repstad, 2007, s. 134). «Vi kan presisere begrepet *validitet* ved å stille spørsmål om de tolkningene vi kommer frem til, er gyldige i forhold til den virkeligheten vi har studert» (Thagaard, 2013, s. 205). Representerer resultatet frå forskinga den verkelegheita som ein har forska på (Thagaard, 2013, s. 204)? Validitet går ut på om resultata kan generaliserast, det handlar om resultata kan gjelde for fleire enn det som det vart forska på. I kvalitativ metode bruker ein ofte omgrepene overføring i staden for generalisering. Overføring kan samanliknast med gjenkjennung. Er det slik at menneske som har erfaring på dette området, kan kjenne seg att i dei resultata som vert presenterte (Tveit, 2014, s. 155)? Dersom få kjenner seg att i resultata og tolkinga, bør ein stille spørsmål om forskinga har blitt tolka feil (Thagaard, 2013, s. 213).

Dei elevane som vart plukka ut til observasjon, kan vere med på å prege reliabiliteten og validiteten. Er det utfordrande elevar med store hjelpebehov, eller er det nokre av dei elevane som fungerer best som har blitt plukka ut? Det inntrykket som eg fekk, var at dette var elevar som fungerte godt. Alle tre hadde eit språk, anten eit munnleg språk eller teikn til tale som dei kunne uttrykke seg med. Det verka som elevane som vart observerte hadde stor nytte av å ha klar struktur, og dei responderte godt på bruken av forsterking. Desse elevane kan ha blitt valde nettopp pga dette. Det kan føre til at datamaterialet ikkje vert heilt representativt, sidan det kanskje var «glansbilete» som vart representerte. På ei side kan dette vere ein fordel, sidan eg i observasjonen kunne observere aktivitetar og situasjonar som fungerte godt. Eg fekk høve til å observere korleis gode arbeidsøkter gjekk føre seg. Samstundes gjekk eg kanskje glipp av

utfordrande situasjonar, der det kunne vere mogleg å observere korleis det kunne vere dersom desse tilpassingane ikkje fungerte like godt.

Sidan ei masteroppgåve ikkje har eit så stort omfang, kan ein diskutere oppgåva si overførbarheit. Eg har gitt eit innblikk i tre personar sine erfaringar og tankar, og eg har også observert nokre opplæringssituasjonar mellom dei tilsette og elevane. Sidan det ikkje er så mange informantar og omfanget ikkje er så stort, kan ein ikkje kome med klare konklusjonar. Men eg håper at det eg har funne ut av, kan vere relevant for dei som arbeider med menneske med autisme, pårørande, eller for dei som er interesserte i bruken av struktur (dagsplan/aktivitetsplan) og forsterking (motivasjonssystem/teiknøkonomi).

Dersom ein ynskjer å styrke forskinga, kan ein gjere forskinga gjennomsiktig. Det vert også kalla transparent. Det vil seie at forskaren forklarer og argumenterer for korleis han har kome fram til det resultatet han har fått, kva utfordringar som har oppstått og kva slags teori som er brukt (Tjora, 2012, s. 216). Det er også viktig å belyse kva relasjonar ein har hatt til informantane, fordi det kan påverke resultatet (Thagaard, 2013, s. 206). Eg hadde ikkje noko tilknyting til informantane, eg føler difor at det ikkje var med på å påverke resultata på nokon måte. Metodetriangulering vert også nemnt som eit verkemiddel som kan styrke kvaliteten i forskinga. Metodetriangulering er når ein bruker fleire metodar under feltarbeidet (Johannessen et al., 2016, s. 232). Eg har brukt både intervju og observasjon, og eg tenkjer at det kan styrke kvaliteten i forskinga. Eg fekk innblikk i korleis undervisinga vart gjort i praksis, samstundes som eg kunne stille spørsmål som verka relevante frå observasjonane. Eg kunne samanlikne det dei sa i intervjuet med det dei faktisk gjorde i praksis. Eg fekk høve til å sjå om det var samsvar mellom desse to.

## 5.0 Presentasjon og drøfting av funn

I denne delen ynskjer eg å presentere funna frå observasjonane og intervjuia, og drøfte desse i lys av relevant litteratur og teori. Fyrst ynskjer eg å trekke fram nokre erfaringar informantane har fått av å arbeide med denne elevgruppa. Det er for å få innblikk i korleis det kan vere å arbeide med elevar med ASF. Eg vil også ha fokus på korleis ressurssenteret bruker ulike planar for å strukturere kvardagen, og eg vil sjå på motivasjonssystemet som mange av dei tilsette nyttar seg av på dette ressurssenteret. Ut i frå dei dataa som eg har samla inn, vel eg å ta utgangspunkt i intervjuguiden. Frå intervjuguiden har eg valt fire hovudtema som eg vil ha fokus på. Mine fokusområde vil vere fordelar og utfordringar/ulemper med bruken av struktur og forsterking. Det vil i hovudsak vere fokus på funn frå intervjuia, men eg vil også trekke fram nokre hendingar frå observasjonane.

### 5.1 Erfaringar

Då eg spurde informantane kva erfaringar dei har fått av å arbeide med denne gruppa, var svara nokså ulike. Alle informantane svarte likevel at faste rutinar og struktur er ein viktig faktor for desse elevane. Ein av dei peika på at ein lærer mykje om vere strukturert, jobbe konsekvent og jobbe likt. To av informantane svarte at dei har lært at alle borna med ASF er svært ulike.

Peeters og Gillberg (2002) skriv at alle med autisme er individuelle tilfelle. Det er oftare skilnadur enn likskapar mellom dei. Diagnosar kan få ein til å tenkje for mykje i form av homogenitet og dei diagnostiske kriteria overskygger personen sin personlegdom (Martinsen & Tellevik, 2012, s. 489). Dette stemmer overeins med observasjonane mine der eg såg at alle var svært ulike. Elevane hadde ulike personlegdomar, ulike interesser og ulike dugleikar, akkurat sånn som alle andre menneske.

- (1) Det du lærer først og fremst, er at alle er veldig ulike. Dei borna som vi har her, er like forskjellelege som alle andre born, kanskje endå meir forskjellege (Elisabeth, 02.03.17, s. 2).

Informantane trekte fram at det tek tid å lære desse elevane nye dugleikar. Det er nødvendig med mange repetisjonar og mykje øving. Det er viktig å repetere og øve på dei dugleikane dei har lært, elles mister dei dugleiken. Informantane la vekt på at det er viktig å vere tolmodig. Ein lærer seg å setje pris på dei små stega, fordi ein veit kor store steg det eigentleg er for eleven. Når ein står i det, kan det vere tungt for dei tilsette å ikkje sjå dei store framstega. Dersom ein er vekke ei tid og kjem tilbake, er det lettare å sjå at eleven har lært og hatt framgang.

Fleire av informantane nemnde i intervjuia at det er viktig å skape ein god relasjon til eleven og verte kjend med eleven. Sidan dette er ei elevgruppe som kan ha vanskar med sosialt

samspel, kan denne relasjonsbygginga vere meir krevjande for desse enn for andre elevar. Det kan difor ta lang tid å verte kjend med eleven. Det nødvendig å ha innsikt i kvar eleven er i utviklinga, kva interesser elevane har og kva aktivitetar eleven liker. På den måten vert det lettare for dei tilsette å vite korleis dei kan motivere eleven på ein god måte. Dette stemmer overeins med det Martinsen og Tellevik (2012) skriv om at undervisinga må tilpassast den enkelte, og opplæringa må opplevast som meiningsfull. Ved å ta omsyn til den enkelte sine interesser, kan det verte lettare å motivere eleven. Det kan føre til at undervisninga vert opplevd som meiningsfull av eleven. Ein av informantane hevda at det er viktig å finne ein balanse mellom det at barnet skal ha ein god livskvalitet, samstundes som barnet skal lære. Det treng ikkje å vere ein motsetnad. Ein må arbeide fram mot det som er realistisk for barnet.

- (2) Du ser fort at du må kartlegge nøyne og vite litt og kjenne eleven godt før du skal kunne sette høge mål. Det er vanskeleg å nå veldig høge mål eller tru at alt skal verte normalt, for det er ikkje sånn det er. Det må ein berre akseptere. Ein må sjå an situasjonen litt sånn som den er. Samstundes må ein arbeide fram mot det som er realistisk (Elisabeth, 02.03.17, s. 2).

## 5.2 Bruken av struktur

Før eg ser på fordelar og utfordringar med desse tiltaka, vil eg presentere nokon av planane som vert brukte i opplæringa for å skape struktur. Dette er informasjon eg fekk innblikk i frå observasjonane og intervjuia. Eg vil også legge fram teori om desse tiltaka. Det verkar hensiktsmessig å forklare litt om bruken av planane før eg går vidare, for å gi ei forståing av korleis desse vert brukt. Bileta vart tatt under observasjonane.

### 5.2.1 Dagsplan

Mange profesjonelle og omsorgspersonar bruker ulike planar for å skape struktur i kvardagen, og dette har vore ein sentral metode for born og unge med autisme (McClannahan & Krantz, 2008). Dei fleste av oss bruker ei slags form for dagsplanar for at vi skal hugse på kva vi skal gjere i ein hektisk kvardag. Vi bruker almanakkar, avtalebøker, kalendrar eller elektroriske avtalebøker på mobilen eller på datamaskina. Ein slik dagsplan fungerer på same måte for dei som har ASF. Dei har eit behov for å ha ei oversikt, slik at dei ikkje treng å vere avhengig av at andre som skal fortelje dei kva dei skal gjere og når (McClannahan & Krantz, 2008, s. 26).

Martinsen og kollegaer (2016, s. 47) definerer dagsplanen som ein plan over barnet sine vakne timar. På dette ressurssenteret vert dagsplanen hovudsakleg brukt som ein plan over kva eleven skal gjere på skulen. Nokre av elevane har dagsplan heime, men det verka som dei fleste berre har dagsplan på skulen. Dagsplanen heng inne på rommet til eleven.

Martinsen med kollegar (2016, s. 47) skriv vidare at dagsplanen må tilpassast det enkelte barnet, ut i frå eleven sitt funksjonsnivå og behov. Både dagsplanar og aktivitetsplanar kan vere i mange ulike former. Nokre bruker bilete, medan andre bruker tekst. Planen kan t.d. vere i ein perm, eller det kan vere ei remse der ein festar bilete av aktivitetar på remsa. Når ein har fullført ein aktivitet, kan ein sette biletet på baksida av remsa (Martinsen et al., 2016, s. 54). I observasjonane kunne eg sjå at dagsplanane var svært ulike, og i intervjuet bekrefta informantane at dagsplanane er utarbeida og tilpassa til det enkelte barnet. Informantane fortalte at desse planane kan difor variere frå elev til elev. Nokre av planane er loddrette, medan andre er vassrette. På dagsplanen kan det henge bilete, piktogram<sup>6</sup>, ordibile eller konkrete ting, alt etter kva eleven forstår best.

Informantane fortalte at kva som vert sett opp på dagsplanen vert bestemt av den tilsette som skal vere saman med eleven. Ofte vert ikkje planen sett opp for heile dagen, men for den økta som den tilsette har. Grunngjevinga for det, var at dei tilsette sjølve kan vurdere kva slags aktivitetar som kan gjennomførast, ut frå eleven si dagsform. Nokre aktivitetar skjer fast kvar veke, så dei er allereie bestemte.

Martinsen med kollegar (2016, s. 47) skriv at kor detaljerte planane skal vere, vil variere frå person til person. Dagsplanane bør vise kva som skal skje i kvar enkelt time. For nokre kan det også vere nødvendig å vite kva som skal skje i kvar aktivitet. Informantane bekrefta dette og sa at kor mykje som vert satt opp på dagsplanen, kan variere frå elev til elev. Nokre elevar treng ein plan for heile dagen, andre elevar har berre oversikta for dei nærmaste aktivitetane, medan nokre treng ei oversikt over kvar aktivitet. Nokre kan verte for opptatt av det som skal skje seinare. Det kan føre til at dei ikkje klarer å vere til stades i notida.

Ein måte å visualisere at eleven har gjennomført ein aktivitet på planen, er å ta ned symbolet for den aktiviteten som ein er ferdig med, eller feste den på baksida av planen (Dyrberg & Vedel, 2007, s. 26). På dette resurssenteret tok dei symbolet ned i ein konvolutt for å visualisere at dei var ferdig med den aktiviteten. Lappane har borrelås på seg, noko som gjer at det er lett å henge dei opp og fjerne dei. Menneske med ASF treng støtte for å vite når ei oppgåve startar og når ho sluttar (Martinsen & Tellevik, 2012, s. 498). Dei tilsette har lagt



<sup>6</sup> Piktogram er eit bilete som symboliserer eit ord eller eit omgrep (Store norske leksikon, 2013).

undervisinga til rette slik at dei tek omsyn til akkurat dette. På denne måten får elevane det forklart på ein visuell måte, og dei slepp å forhalde seg til ein munnleg beskjed (Peeters & Gillberg, 2002, s. 97).

To av informantane fortalte at det kan ta lang tid å lære elevane opp til å bruke dagsplanar. Elevane må forstå kva teikna betyr og lære kva dei inneber. Dei må ha kunnskap om korleis situasjonane går føre seg og kva reglar som gjeld i den situasjonen. I starten har ein berre med nokre få aktivitetar på dagsplanen. Ein kan utvide talet på aktivitetar etter kvart som eleven meistrar bruken av dagsplanen. Dette stemmer overeins med McClannahan og Krantz (2008) si forklaring om korleis ein innfører bruk av dagsplan. Dei skriv at det kan vere ein fordel å byrje med ein kort dagsplan med aktivitetar som eleven meistrar frå før. Det kan føre til at borna lærer raskare å fylgje dagsplanen.

- (3) Alle skal ha mat, pusse tenner og dei har val. Vi har no gymsal, trimrom, gå ut, gå tur. Så gjeld det å få alt det inn i planen. Ein må få eit system, slik at det vert best mogleg for eleven. Du må lære eleven godt å kjenne, og gjere det stegvis. Det er ikkje noko som skjer på ein, to, tre. Det tek ofte lang tid å etablere ein dagsplan (Anders, 02.03.17, s.4).

Ofte vert det brukt ein markør som ein gir til eleven, for at dei skal vite når dei skal gå til dagsplanen. Hildebrand (2014) set fokus på at ein markør kan vere til hjelp for dei borna som slit med munnlege beskjedar eller for dei som har vanskar med å hugse kva dei skal gjere. (Hildebrand, 2014).

### 5.2.2 Aktivitetsplan, vekeplan og personalplan

Informantane fortalte at aktivitetsplanane ofte vert brukte når elevane skal gjennomføre økter som ikkje er på rommet til eleven. Ein slik aktivitetsplan kan vere med på å gi oversikt over ein kort situasjon, som t.d. å ta seg klede, dekke på bordet eller liknande. Det kan også vere lengre økter som tannlegetilvenning, friluftsliv eller å ta trikken. Dei tilsette kalla desse planane for oppskrifter eller remser. Ein av informantane samanlikna det med ein berbar bit av dagsplanen. Aktivitetsplanane kan henge på dei aktuelle stadane, eller ein kan ta dei med seg dit ein treng dei. Ofte er desse planane borrelåsremser eller laminerte ark, som det er lett å ta med seg. I gangen kan det t.d. henge ein plan over kva elevane skal kle på seg når dei skal ut. Denne er det også borrelås på, slik at dei tilsette kan leggja til rette planen ut i frå kva vêr det er ute.



Når eleven har tatt på seg skoa, tek han den lappen og heng den på remsa til høgre. Når han har flytta alle lappane til den andre sida, er han ferdig. Då er aktivitetsplanen klar til neste gong han skal bruke den. Då er det berre flytte lappane til venstre når eleven skal kle på seg neste gong.

Elevane hadde også vekeplanar. På vekeplanane var det oppført nokre av dei hovudaktivitetane som skulle skje, som t.d. symjing og musikkgruppe på torsdag. Når det var tysdag, tok dei lappane frå vekeplanen som var oppført på tysdag, og førte dei over på dagsplanen. Det er difor det er heilt tomt på tysdagen.



Personalplanen er ein plan over kven som skal vere saman med elevene. Dei elevane som har behov for det, har slike planar. Utforminga er lik dagsplanen, der dei bruker borrelås. Ein av informantane fortalte at det ofte skjer endringar i denne planen. Dersom nokon av dei tilsette ikkje kan kome, viser dei tilsette visuelt på planen at det skjer ei endring. Då tek dei ned namnet på den personen som ikkje kjem likevel, og endrar planen slik han vert rett. Ein av informantane sa at det er nødvendig å vise denne endringa visuelt på dagsplanen, før den nye personen kjem inn. Det er viktig å førebu elevane på endringa før det skjer.

### 5.3 Målet og fordelane med bruken av planar

Då informantane fekk spørsmålet om kva som er målet med bruken av dagsplanar, var alle samde i at eit av hovudmåla er å skape struktur, oversikt og føreseielegheit. Det er viktig å skape rutinar, slik at dei veit kva som skal skje. Det stemmer overeins med det Martinsen med kollegaer (2016, s. 44) skriv. Dei skriv at det er nødvendig for desse menneska å strukturere dagen, slik at dei skal ha ein forståeleg samanheng og føreseielegheit i kvardagen.

Informantane fortalte at rutinane fører til at elevane klarer å halde fokuset lengre her og no. Dei slepp å ha hovudet fullt med spørsmål om kven dei skal vere med, kva som skjer no og kor lenge dei skal gjere det. Elevane klarer betre å fokusere på læringa. Ein av informantane påpeika at han trur at planane fører til at elevane rett og slett lærer meir. Martinsen med kollegaer (2016, s. 44) skriv at strukturen i kvardagen vert ei støtte for eleven, sidan den gir

oversikt over kva som skal skje. Dei får kunnskap om kva dei skal gjere i ulike settingar på ein konkret måte.

- (4) For den eleven du observerte i går, så har det vore alfa og omega. Han har ikkje klart å fokusere på det som er ein ynskjeleg jobbesituasjon fordi han har hatt så mange tankar om kva som skal skje. Det har vore viktig å vite kva som skal skje heile tida, og då har han ikkje klart å jobbe ved pulten. I starten låg han meir under pulten, eller han sto oppå. Litt fordi han ikkje visste kor lenge han skulle sitte og litt fordi han ikkje visste kva som skulle skje. For han har det gjort at han klarer å ha fokuset her og no i det vi held på med, kontra å tenkje på kven han skal vere saman med, korleis skal han gjere det, kor lenge han skal jobbe? (Maria, 08.03.17, s. 7–8).

Ei av utfordringane til elevar med ASF, kan vere svekka eksekutive funksjonar (Touloupou et al., 2008; Wing, Gillberg, & Gillberg, 2012), Ein av informantane set fokus på nettopp dette, i tillegg til at ho fortalte at dei kan ha ein nedsett arbeidsminnefunksjon. Dei tilsette prøver difor å legge til rette for elevane ved å ta omsyn til desse utfordringane. Elevane slit med situasjonar og aktivitetar der dei må gjere vurderingar. Kva er t.d. god handvask eller kva er vanleg å seie i ulike sosiale settingar. Informanten fortalte vidare at desse elevane har vanskeleg for å lære seg rutinesituasjonar som skjer gong på gong. I slike situasjonar kan ein plan gjere det lettare for desse elevane å organisere kvardagen og hjelpe dei til å klare aktivitetane.

- (5) Kvardagslege rutinesituasjonar som vanlege barn erfarer gong på gong, og som dei til slutt gjer det sjølv, tek lengre tid for desse elevane å lære. Å kle på seg kan opplevast som like overveldande som om det er fyrste gongen dei gjer det, faktisk kvar einaste gong dei gjer det. Dersom dei byrjar med noko, så er det vanskeleg for dei å bytte strategi dersom dei gjer feil. Dei fortset på same spor uansett. Det er sånn hjerna deira fungerer. Det kan skape utmatting og frustrasjon fordi dei ikkje lukkast med strategiane sine (Elisabeth, 02.03.17, s. 3).

Elevar med ASF kan også ha vanskar med overgangssituasjonar (Ryhl, 2012). Under observasjonane kunne eg sjå at dei tilsette var gode på å førebu eleven på kva som skulle skje. For det fyrste brukte dei dagsplanen for å skape føreseielegeheit. For det andre ga dei tydeleg beskjed til elevane om at aktivitetane snart var ferdige, litt før dei var ferdige. Då eleven sat inne på rommet og tromma, ga læraren beskjed om at eleven snart var ferdig nokre minutt før eleven måtte slutte. Eleven får eit forvarsel, slik at han kan førebu seg på at aktiviteten snart er ferdig. Dersom ein tilpassar undervisinga med omsyn til utfordringane med svekka eksekutive funksjonar, kan det føre til at undervisinga vert endå meir vellukka (Wing et al., 2012, s. 97). Forsking viser at bruken av slike planar kan vere med på å tydeleggjere overgangar, og redusere negativ åtferd i overgangssituasjonar (Koyama & Wang, 2011).

### 5.3.1 Kommunikativt aspekt

Peeters og Gillberg (2002, s. 100) skriv at bruken av dagsplan er ei slags kommunikasjonsform frå den tilsette til eleven, og frå eleven til den tilsette. For elevane kan det verte slitsamt å forhalde seg til det verbale språket, og då kan det vere lettare å ha ein plan dei kan sjå på.

Dersom det er noko dei lurer på, kan dei sjølve gå bort til dagsplanen for å sjekke kva planen for dagen er, eller kven dei skal vere saman med. For dei elevane som ikkje har eit munnleg språk vert dagsplanen ekstra viktig, fordi ein kommuniserer gjennom bilda på dagsplanen.

Mange med denne diagnosen har lettare for å forstå symbol eller skrift, enn dei har for å forstå munnlege beskjedar (Martinsen et al., 2016, s. 52). Menneske med autisme lærer ofte «visuelt», og verbal informasjon vert abstrakt og flyktig for desse (Peeters & Gillberg, 2002, s. 97).

Dersom det skulle skje endringar eller brot i planen, kan det vere ein fordel å ta eleven med bort til dagsplanen og visualisere at det skjer ei endring. Det kan vere lettare for desse borna å sjå det på denne måten, samanlikna med dersom læraren berre hadde gitt ein munnleg beskjed om at det ville skje endringar (Martinsen et al., 2016, s. 60). Dette vart understreka av to av informantane. Dei fortalte at desse planane vert brukt kommunikativt, slik at det vert visuelt for elevane kva som skal skje. Dersom det oppstår endringar vert lappen tatt vekk, og den vert bytta ut med noko anna, eller lappen vert flytta lengre ned på planen. Eleven får informasjon om kva som skal skje og kor lenge det vil vare.

- (6) Det kan vere utmattande for han også, å skulle forholde seg til det verbale maset. Ja, ein skal snakke saman og ha kontakt, og ha ein god relasjon, sjølvsagt. Men det kan også vere krevjande å få munnlege beskjedar heile tida. Du får litt meir fred når du fylgjer den oppskrifta (Elisabeth, 02.03.17, s.3).

Informantane trakk også fram at dersom beskjedar kjem munnleg, kan dei verte knytte opp mot ein person. Då kan stresset og frustrasjonen til eleven gå ut over nærpersonen til eleven, eller den personen som gir ein beskjed. Ein av informantane la fram eit døme der ho kunne sjå tydeleg skilnad på åtferda til ein elev om han fekk ein beskjed frå nærpersonen eller frå ein plan. Dersom beskjeden kom frå ein person, vart det meir stressande for eleven enn om han kom frå ein plan. Informanten trudde at eleven følte han hadde større kontroll over situasjonen når han fylgte ein plan. Det vart også teke fram eit anna døme. Det var ein elev som vart svært frustrert når dei tilsette sette krav til han. Han kunne slenge seg ned på golvet, slå og skalle dei tilsette. Då dei begynte med å innføre dagsplan, var det som om åtferda gjekk mot dagsplanen. I staden for å vere fysisk mot nærpersonen, slo han heller dagsplanen.

### 5.3.2 Utfordringar med fråvær av rutinar eller endringar

Mange menneske med ASF er særstakkt opptatt av kva dei skal gjere i kvardagen, kven dei skal vere med og kvar dei skal vere. Dei kan spørje gong på gong etter kva dei skal gjere etter lunsjen, sjølv om dei allereie har fått svar på det fleire gongar. Dette vert kalla *strukturoppattheit*.

Fleire har vanskar med brot på rutinar. Dei tykkjer det er særstakkt viktig at planen og rutinane vert fylgde. Dersom det skjer endringar vert det vanskeleg å gjennomføre aktiviteten og dei kan få ein negativ reaksjon. Denne reaksjonen kan variere fra person til person. Nokre reagerer med sinne og frustrasjon, medan andre vert oppgitte. Det vert kalla *strukturavhengigheit* (Martinsen et al., 2016, s. 56–57).

Fleire av informantane har erfart at dersom det er fråvær av rutinar, reagerer mange av borna negativt på ulike måtar. Nokre kan få lettare utagering, åtferd som dei har hatt tidlegare, eller dei kan verte masete, frustrerte og fungere dårlig. Dei er så opptatt av kva som skal skje, og kven dei skal vere saman med, at dei stiller spørsmålet igjen og igjen.

- (7) Sånn som X, kan mase litt om kven han skal vere saman med, «kven skal eg vere saman med, kven skal eg vere saman med». Med ein gong vi innførte personalplan, så forsvann maset. Det var nesten meir forpliktande enn at eg sa kven han skulle vere saman med. Tidlegare spurde han, «og etter det, og etter det?». Når namnet sto på personalplanen, var det greitt. Då kan han bruke energien sin på det som skjer no i staden for å sitte å kverne på det (Maria, 08.03.17, s. 5).

Andre kan verte passive dersom det ikkje ligg føre nokon plan. Ein tidlegare elev som var på ressurssenteret, kunne godt gjennomføre ein heil dagsplan. Men dersom ingen sette han i gong, vart han berre sittande der. Andre kan verte sinte og gå til angrep.

Ein av informantane opplever at dersom det er nærpersongar som er borte eller det vert for mange nye, kan det vere utfordrande for desse elevane. Ofte resulterer det i at elevane prøver ut dei nye for å teste dei ut. Desse erfaringane er i tråd med omgrepa strukturoppattheit og strukturavhengigheit som Martinsen med kollegaer (2016) presenterer. Erfaringane stemmer også overeins med vanskane med eksekutive funksjonar, som blant anna kan innebere motstand mot endring. Skulen har prøvd å møte desse utfordringane ved å ha tydeleg struktur ved hjelp av til dømes dagsplan og personalplan.

- (8) Dersom du vert overlatt heilt til deg sjølv, så ser du at dei har og behov for å slappe av. Men då forsvinn dei ofte inn i sin autistiske verd med sjølvstimulering. Dei vender seg inn i seg sjølve i staden for å vere vendt utover. Då ser vi at dei vert meir utilgjengelege. Dei vert meir passive (Elisabeth, 02.03.17, s. 6).

Informanten fokuserer på at dersom borna vert overlatne til seg sjølv, fell dei inn i si autistiske verd med sjølvstimulering. På den andre sida hevdar nokre at ein ikkje skal prøve å forandre autistar. Dei vil at ein skal la dei få vere slik dei er, og respektere det. Ein skal ikkje prøve å gjere borna «normale», men ein skal heller forandre samfunnet sine haldningar til denne gruppa. Bogdashina (2006) presenterer motsvara til desse meiningane. Ho hevdar at dersom ein let dei vere slik dei er, vil det gå ut over borna og ein hindrar dei i få den hjelpa dei treng (Bogdashina, 2006, s. 203). Informanten hadde fokus på at bruken av dagsplan kan forhindre at dei fell inn i si autistiske verd og vert passive.

### 5.3.3 Sjølvstende

To av informantane er samde i at aktivitetsplanane er gode å ha når ein skal gjennomføre nye aktivitetar eller dersom ein skal utføre aktivitetar som kan vere utfordrande for eleven. Ein av dei hevda at dersom ein bruker slike planar rett, gjer ein det mogleg for eleven å delta og vere trygg i ulike situasjonar. Når eleven får oversikt over kva dei skal gjere, kan det vere ei god støtte for eleven. Ein kan også ha eit bilet av ei påskjøning til slutt på planen eller undervegs, slik at elevane vert ekstra motiverte. Etter kvart vil eleven ha vore gjennom situasjonen så mange gongar at han har utvikla ein tryggleik. Det kan føre til at eleven opplever ei kjensle av meistring, noko som kan resultere i til at planen vert mindre viktig etter kvart, noko som kan føre til at eleven vert meir sjølvstendig.

Planane skal også gi dei høve til å velje, slik at dei kan lære å gjere sjølvstendige val. Eleven kan uttrykke seg ved å finne lappen der det står leik ute eller biletet som symboliserer leik ute, for å kommunisere at eleven ynskjer å gå ut. Ein av informantane nemner påkledning som eit døme der eleven kan verte meir sjølvstendig. I staden for at den tilsette må hjelpe eleven med å kle på seg, kan eleven klare det sjølv med støtte frå ein aktivitetsplan.

McClannahan og Krantz (2008) skriv at målet er at elevane skal verte sjølvstendige, og informantane påpeiker det same. Resultatet av å bruke slike planar, er nettopp dette, og ein ser at elevane tek meir initiativ (McClannahan & Krantz, 2008, s. 9 og 18). Forsking viser at bruken av slike planar også er med på å auke engasjementet for oppgåveløysing, og det skjer ei redusering i sjølvskadande åtferd (Koyama & Wang, 2011). Dersom eleven ikkje hadde hatt ein slik plan, og kleda berre hadde blitt lagde framfor han, kunne det ha blitt overveldande for eleven. Dette stemmer overeins med det Martinsen med kollegaer (2016) set fokus på. Dei hevdar at dersom ein ikkje har oversikt over kva som skal skje, og andre tek avgjersler for deg, fører det til ein uoversiktleg situasjon. Det kan føre til stress, misforståingar og konfliktar.

På den eine sida kan ein seie at eleven vert meir sjølvstendig sidan han klarer å kle på seg. På den andre sida vert kanskje eleven avhengig av å bruke ein slik plan for å kunne klare å kunne kle på seg «sjølvstendig». Ein kan stille seg spørsmålet om eleven faktisk er sjølvstendig. I ei slik drøfting, er det viktig å belyse det faktumet at dette er elevar med store hjelpebehov, og dei vil ha store utfordringar med å gjennomføre aktivitetar sjølvstendig. På den måten kan planen vere ei støtte for å kompensere for dei utfordringane som eleven har. Ein må ta utgangspunkt i eleven sine føresetnadar (Martinsen et al., 2016).

- (9) Ein skal ikkje sette mål om sjølvstende for ein kvar pris. Desse borna kan ha vanskar som vi ikkje veit om, t.d. sensoriske vanskar. Slike vanskar kan føre til at dei vert slitne. Ein kan bli sett ut av lysrør eller lydar. Sanseapparatet verkar på ein anna måte som gjer at dei vert kognitivt overbelasta. Det kan føre til at dei vert slitne eller dei utagerer e.l. Då skal ein ikkje setje sjølvstende over ein kvar pris. For då treng dei hjelp, sånn at dei ikkje vert utslitne (Elisabeth, 08.03.17, s.5).

#### 5.3.4 Sikrar variasjon

- (10) Men planar er gull dersom dei vert brukte sånn som dei skal. Dei er med på å gi oversikt. Dei som er rundt, sørger for at på denne planen må det stå oppført ting og aktivitetar. Det må vere eit innhald som denne eleven får eit godt liv av, som han trivst med. Planar må bytast ut og ein må heile tida vite kvar barnet er i løypa (Elisabeth, 02.03.17, s. 4).

Betts og Patrick (2006) hevdar at slike planar kan hjelpe borna til å fokusere på naudsynelege aktivitetar. Dei kan gjere det mogleg å lære meir. Dette vart understreka av ein av informantane som påpeika at dagsplanane er med på å sikre at elevane får ein variert kvardag. Det er viktig å ha variasjon i skulekvardagen. Elevane skal blant anna få den opplæringa som dei treng, dei pausane som trengst og den maten dei treng. Ein av informantane framheva at dersom det står på planen at eleven skal gå til trimrommet, så betyr ikkje det at aktivitetane på trimrommet skal vere dei same kvar gong. Planane skal føre til at eleven kan delta på ulike aktivitetar. Ingen menneske har godt av å gjere det same dag etter dag, difor er det viktig at dagane er varierte. Det er også nødvendig at elevane har ulike menneske rundt seg slik at dei får variasjon. Samstundes presiserer ein av informantane at det viktig at det ikkje vert for mange. Ofte vert desse elevane utsette for mange menneske. Elevane treng at dei som er rundt dei forstår kven du er og kva du vil. Ofte har desse andre kommunikasjonsformer, så då må dei tilsette lære seg denne kommunikasjonsforma for å kunne kommunisere godt med barnet.

- (11) Planen gir god livskvalitet, fordi han sikrar oversikt over miljøet og nærpersone rundt ungen. For det er jo ganske spesielt å verte utsette for så mange ulike nærpersalar som desse vert. Planane sikrar ei føreseielegheit i elevane sitt liv (Elisabeth, 02.03.17, s. 6).

Informantane hadde fokus på at når ein planlegg dagen, må ein også ta omsyn til eleven sine interesser og føresetnadar. Dersom eleven kjem med sjølvinitiativ, er det viktig å få det inn

i planen. Men det skal ikkje vere slik at eleven kan manipulere planen. Det kan føre til at ein mister litt av strukturen og kontrollen. Det er den tilsette som skal bestemme kva som skal stå på planen, men eleven kan sjølvsgart kome med forslag. Dersom ein elev ikkje vil jobbe, men heller vil ut, kan den tilsette t.d. seie «Ja, først skal vi jobbe, så kan vi gå ut». Den tilsette må ikkje vere for bestemt på at ein skal fylgje akkurat den planen ein har sett opp. Når eleven byrjar å forandre planen, er det med på å fortelje at eleven har forstått konseptet med planen, og han har fortstått at han kan kome med ynskje.

- (12) Balansen mellom å ha ein timeplan og fleksibilitet som gjer det mogleg å ta dagen som han kjem og nyte dagen som han er, er viktig. Dagsplanen skal ikkje hindre deg i å kaste deg med på ei positiv oppleveling berre fordi noko anna står på planen. Det skal ikkje vere sånn. Alle dei augeblink som oppstår spontant skal ein ikkje overstyre av planen (Elisabeth, 02.03.17, s. 4).

## 5.4 Utfordringar/ulemper med bruken av fast struktur

Her vil det verte sett på utfordringar eller ulemper ved bruken av struktur. Eg trekke fram utfordringar. Fyrst vil eg diskutere moglegheitene for at elevane vert rigide. Etter det, vil det verte sett på korleis fråvær av bruken av dagsplanar/aktivitetsplanar i andre settingar kan vere ei utfordring. Til slutt vil det verte drøfta om dagsplanen kan verte uetisk dersom ein ikkje bruker han rett, og lyttar til elevane sine ynskje.

### 5.4.1 Rigid

Alle informantane sette fokus på utfordringa og kritikken av at elevane kan verte rigide av bruken av slike planar. Wing (2012) skriv at det er nødvendig å finne ein balanse mellom det å ha struktur, samstundes som ein må prøve å unngå at eleven vert for rigid. Dette er noko som ein må ta omsyn til ut i frå kvar enkelt elev.

- (13) Du kan no oppleve at dei vert veldig rigide og at ein ikkje lukkast med å skape ein fleksibilitet. Sånn at dei ikkje fungerer dersom dagsplanen ikkje er der. Som eg sa tidlegare må læringa overførast til nye arenaer. Det er ei utfordring når ting må brytast, når ting ikkje skjer som dei har forventa. For det vert skapt ei slags forventning i det du set opp ein dagsplan (Maria, 08.03.17, s. 6).

Ein av informantane trekte fram at ein skaper ei forventning frå eleven når ein set opp ein dagsplan. Dette stemmer overeins med det Martinsen med kollegaer (2016) skriv om at eit av måla er å skape forventning hjå elevane. På ei side kan det vere bra, fordi elevane t.d. får vite kva som skal skje og kven dei skal vere med. Det kan hjelpe dei til å få ein meir føreseieleg dag. På den andre sida fører det til at eleven får forventningar om kva som skal skje, og det er ikkje alltid ein kan innfri dei forventningane. Det kan vere utfordrande for eleven dersom det oppstår forandringar. Ein kan stille seg spørsmålet om frustrasjonen vert større når ein har

forventa seg noko og det ikkje skjer, enn dersom ein ikkje har forventa seg noko. Men på den andre sida, dersom ein ikkje har forventa seg noko, vil situasjonen kanskje vere prega av frustrasjon, fordi ein ikkje har struktur eller føreseielegheit. For denne elevgruppa trur eg at den positive effekten av å strukturere kvardagen vil vere større enn utfordringa av å takle dei gongane forventningane vert brotne.

Ein av informantane peika på at det nokre gongar kan vere utfordrande å gjere endringar på dagsplanen fordi ein kan vegre seg for at eleven skal reagere negativt til endringa. Eleven kan verte sint, men ein skal vise aksept for at det er lov til å verte sint. Ein av informantane si erfaring er at det er mest utfordrande dei fyrste gongane det skjer ei forandring, seinare vert reaksjonen mindre for kvar gong det skjer. Som regel observerer ho at borna aksepterer det etter kvart. Det vil alltid skje endringar, slik er det berre. Men det varierer frå elev til elev kor rigide dei kan vere. På den eine sida skal ein prøve å gjennomføre det som står på planen, på den andre sida er det kanskje nødvendig å øve på at det kan skje endringar.

Under observasjonen fekk eg sjå ein situasjon der det vart litt endringar i planen. Då eleven fekk velje ein aktivitet, valde han å sjå på tv. Men då dei skulle prøve å sette på ein dvd, fungerte ikkje dvd-en. Ein kunne sjå at eleven vart bekymra for at han ikkje skulle få sjå på tv, og han vart litt uroleg. Læraren var roleg og forklarte til eleven kva dei måtte gjere. Fyrst prøvde dei å vaske dvd-en og så gjekk dei for å finne nye batteri til fjernkontrollen. Dei fann ikkje nye batteri til fjernkontrollen, men då dei prøvde igjen, klarte dei å sette på filmen. I ein slik situasjon kunne læraren blitt stressa for at eleven skulle reagere negativt på at det skjedde endringar. Læraren tok det heilt med ro. I intervjuet fortalte ho at det er viktig å jobbe med at slikt kan skje, fordi det fort kan oppstå endringar. Av og til kan ein tenkje at dersom ein gjer endringar, så oppstår det kaos og eleven kan reagere negativt. Men det kan ein ikkje vere redd for det.

Ein av ulempene med å bruke slike dagsplanar og aktivitetsplanar, er at desse rutinane kan verte ein repeterande rutine som ikkje kan forstyrrast under noko omstende. Dersom ein ynskjer å bruke slike rutinar, må ein alltid passe på å førebygge dette (Wing et al., 2012, s. 102). To av informantane nemner dette, og dei har fokus på at det er viktig å arbeide med å lære elevane å takle forandringar. Wing med medarbeidarar (2012) trekker også fram at det er viktig å førebygge at elevane vert fanga av strukturen. Det er viktig å kommunisere for elevane at det skjer ei forandring. Det kan vere utfordrande for dei som ikkje har eit språk. I slike tilfelle er det viktig å bruke dagsplanen kommunikativt og visualisere endringa. Ein av informantane

nemner at når ein set opp planen, må ein i utgangspunktet kunne tilby eleven dei aktivitetane som står der. Men det er sjølv sagt slik at det ikkje alltid er råd å gjennomføre dersom det skjer noko uventa.

- (14) Du kan vere så van med å fylgje ein plan i ein kvar situasjon at det utviklar ein mangel på fleksibilitet og ein mangel på å kunne delta. No har desse borna i utgangspunktet ein mangel med å delta i ein del slike settingar. Det er ikkje alt du kan lage ein plan for. Dersom barnet vert for detaljert og detaljfiksert, vert det svært utfordrande dersom det skjer avvik (Elisabeth, 02.03.17, s. 5).

#### 5.4.2 Fråvær av dagsplanar/aktivitetsplanar i andre settingar

Fleire av informantane framheva at det kan vere utfordrande for elevane i møte med andre instansar, dersom dei ikkje bruker slike planar. Det kan vere i heimen, bustadar, avlastingar og liknande. Mange i andre samanhengar er ikkje vane med denne framgangsmåten. Desse elevane kan ha brukt slike planar i mange år og dei har blitt vane med å bruke slike planar. Det kan difor verte svært utfordrande for elevane, dersom bruken av planar brått vert tatt vekk.

- (15) Desse borna lærer å ha ein plan, så kjem du i bustad. Det er avhengig av haldningane til dei rundt. At dei ser verdien i å bruke planar, for viss ikkje vert det eit problem. Desse borna har lært seg å fungere etter planar, så kjem dei ut i ein kvar dag seinare i vaksenlivet der alt det dei har lært og måten å fungere på, ikkje vert respektert (Elisabeth, 02.03.17, s. 5).
- (16) Så kan det vere nokre som seier at vi er alt for gode på å ha struktur og oversikt. At vi som er her er nesten for opptatt av at ting skal vere likt og føreseieleg og strukturert. Nokre seier at det er no ikkje slik livet er når dei er ferdige på skulen. Korleis skal ein vidareføre strukturen og føreseielegheita då? Eg ser no den. Men likevel trur eg at det er veldig viktig å ha eit fokus på dagsplan og struktur og den biten der (Anders, 02.03.17, s. 3).

Fleire av foreldra er skeptiske til å bruke slike planar heime. Nokre av dei er kanskje redde for at det skal føre til at heile familien vert rigide. Det tek tid å planlegge og gjennomføre ein slik plan, og i ein hektisk kvar dag kan det vere vanskeleg å få til. Det fører nok til at mange foreldre ikkje har slike planar heime. McClannahan og Krantz (2008, s. 132–133) skriv at mange foreldre har vanskar med å få tid til lære barnet sitt til å bruke dagsplan og gjere planane klare for kvar dag. Dei set fokus på at dagsplanen etter kvart vil gjere eleven meir sjølvstendig, noko som fører til at det kan skape meir fridom for foreldra. Ein av informantane fortalte at det kan vere meir uønska åtferd heime på grunn av at det er fråvær av rutinar. Tidlegare hadde dei tilsette rettleiningsmandat. Det betydde at dei kunne reise heim til elevane og rettleie dei føresette. No har dei ikkje dette mandatet lenger, noko som fører til at det ikkje er like lett for dei å innføre dagsplan heime også. No vert det heller filma ein del frå undervisinga som vert vist på foreldremøta. Ein kan stille seg spørsmål om effekten av bruken av dagsplan vert like

god, dersom ein ikkje bruker dagsplan i dei ulike arenaane som barnet er i. Dersom ein er van med å bruke slike planar på skulen, men ikkje på andre stadar, kan overgangen frå struktur til fråvær av struktur verte stor. Ein kan difor tenkje seg at det kan verte utfordrande i dei situasjonane der det ikkje er struktur, når eleven lærer seg å bruke dagsplan på skulen.

- (17) I den augeblinken du bestemmer deg for at «nei, vi har ikkje nokon plan og eleven kan bestemme sjølv», så tykkjer eg at det er ansvarsfråskriving. Det beste er at dei har eit variert og godt innhald som dei kan variere. Dersom dei sei at eleven kan bestemme sjølv når eleven ikkje har kognitive føresetnadar, verken for å klare å skaffe seg oversikt, bestemme sjølv, eller ta dei vurderingane sjølv, så er det kanskje med på å bryte deg meir ned, enn det er å bygge deg opp (Elisabeth, 02.03.17, s. 11).

Sidan elevar med ASF har vanskar med eksekutive funksjonar (Toulopoulou et al., 2008, s. 98; Wing et al., 2012), kan det føre til at dei ikkje har føresetnadar til å skaffe seg oversikt, bestemme, eller ta eigne vurderingar sjølve. Dette samsvarar med utsegna til Elisabeth ovanfor. Informanten fortalte med bekymring at ho tykkjer at det er ansvarsfråskriving, dersom ein tek vekk bruken av planar og tenkjer at eleven kan bestemme sjølv. På den eine sida lærer dei tilsette elevane opp til å bruke desse planane. Men på den andre sida, burde dei ha gjennomført opplæringa på ein annan måte, sidan dei veit at det er fleire institusjonar som ikkje nyttar seg av denne strukturen og føreseielegheita? Eg kan ikkje sjå for meg korleis dei kunne ha tatt høgde for dette, og framleis gi elevane eit godt opplæringstilbod. Ut i frå observasjonane, intervjuja og teorien, verkar det som om dette er eit tiltak som fungerer godt for denne elevgruppa.

#### 5.4.3 Eleven sine initiativ og føresetnadar

- (18) Målet med planane er no at dei skal ha ein så god kvardag som mogleg, ut i frå sine føresetnadar. Dei skal både lære og ha variasjon. Eg tykkjer planar kan verte svært skumle dersom dei berre vert fylgte slavisk, utan at det vert vurdert korleis eleven har det no. Då vert planar ein hemsko (Elisabeth, 02.03.17, s. 4).

Her set informanten fokus på at det ikkje må verte sånn at ein skal fylgje planen heilt slavisk. Ein må ta omsyn til korleis eleven har det akkurat no. Informanten nemner diskoen på fredagane som eit døme. Elevane tykkjer at det er gøy å gjere noko anna, men dersom eleven t.d. er sliten den dagen, så må ein kanskje berre ta ein rask tur innom diskoen. Ein må heile tida vurdere korleis eleven har det.

To av informantane nemnde at ein skal gjennomføre det som den vaksen har planlagt, samstundes som ein må lytte til kva eleven vil. Dersom ein ikkje klarer å ta omsyn til eleven sine føresetnadar og interesser når ein lager og gjennomfører planen, vil ikkje planen fungere

slik den skal. Dette stemmer overeins med det Martinsen med kollegaer (2016) hevdar. Dei skriv at nokre menneske med ASF vert fanga av strukturen, det vil seie at dei nesten tvangsmessig må fylge strukturen som seier kva dei skal gjere. Sjølv om personen gjennomfører aktivitetane, er det ikkje sikkert at eleven faktisk ynskjer å gjere det. Ein må difor ta omsyn til eleven sine interesser og ynskje, for å unngå at verktøyet vert brukt på ein uetisk måte (Martinsen et al., 2016, s. 62–63). For nokre av desse elevane kan det vere vanskeleg å uttrykke seg verbalt. Som Ryhl (2012) skriv, så er det svært ulikt kor godt språk menneske med ASF har. Dersom dei ikkje har høve til å uttrykke sine tankar og meiningar, eller dei som er rundt deg ikkje forstår kva dei vil, kan det føre til at ein planlegg økter som ikkje nødvendigvis er så gode for eleven.

## 5.5 Bruken av forsterkarar

Før eg ser på funna frå intervju og observasjonane, vil motivasjonssystemet som mange av dei tilsette brukte verte presentert. Det er for å få kunnskap om korleis dei bruker dette motivasjonssystemet, slik at ein får ei større forståing av det informantane fortalte i intervjuet. Etter det vil det verte sett på fordelar og utfordringar/ulemper med bruken av forsterking.

Ein av informantane fortalte at fleirtalet av elevane hadde slike forsterkarar som motivasjonssystem, men nokre gongar fungerer det best utan. Eit slikt motivasjonssystem kan t.d. vere eit slikt brett som du ser på biletet. Dei tilsette kalla dette brettet for eit tokenbrett. Eg vil også bruke omgrepet tokenbrett. Informantane fortalte at dette er eit todelt teiknsystem/teiknøkonomi. Dersom ein hadde hatt eit enkelt teiknsystem/teiknøkonomi, hadde ein gjennomført ein aktivitet, så hadde eleven fått sluttforsterkar rett etter det. I eit slik todelt system gjennomfører ein fleire aktivitetar, som t.d. fire aktivitetar, som gir fire smilefjes. Ein får ei påskjøning etter kvar aktivitet. Etter at ein har gjennomført alle aktivitetane, får ein velje ein større sluttforsterkar.

På dette brettet er det fire smilefjes. Det betyr at eleven har gjennomført fire sekvensar med oppgåver/aktivitetar. Dei grøne brikkene får eleven frå den tilsette når han t.d. svarer rett på ei oppgåve. Når brettet er fylt opp med grøne brikker, får han eit smilefjes, og han får velje seg ein forsterkar frå eit laminert ark. Ofte fekk eleven sjølv sette på den siste brikkja eller smilefjeset. Når alle dei fire aktivitetane er gjennomførte, får han velje seg



ein ny sluttforsterkar frå eit anna ark med forsterkarar. På dette arket er det litt størrer påskjøningar enn på det fyrste arket. Fleire av elevane hadde slike motivasjonssystem, men utforminga varierte. Det laminerte arket var ikkje så stort, så det var lett for dei tilsette å ta det med seg dit dei skulle vere.

Som du kan sjå på biletet til høgre, kan forsterkarane vere t.d. aktivitetar som å spele på tromme eller leike med leire. Eleven kan òg velje etande forsterkarar som tyggegummi eller ostepop. Ein kan til dømes visualisere forsterkarane med tekst, eller så kan ein bruke biletet. Det kjem an på kva eleven forstår best.

Ein av informantane hevda at brikene som dei samlar opp ofte er forsterkarar i seg sjølv. Isaksen og Karlsen (2013, s. 79) skriv at det ikkje er nødvendig med ei stor påskjøning, fordi sjølve systemet er ei premie i seg sjølv. Brikene på tokenbrettet er sekundære forsterkar. Sekundære forsterkarar er føresette forsterkarar. Desse forsterkarane er noko som har blitt tillært. Det kan t.d. vere pengar, leiker, godteri eller karakterar. Desse heng saman med dei primære forsterkarane. Primære forsterkarar er medfødde behov som det er nødvendig å ha for å overleve. Mat, vatn, varme, fysisk kontakt og kjærleik er essensielle faktorar i liva våre. Ein kan dele denne typen forsterking i to underkategoriar; positive primære forsterkarar og negative primære forsterkarar. Positive forsterkarar er når ein får ei positiv oppleving/kjensle av ein forsterking. Negativ primær forsterking er når ein fjernar noko som verkar negativt. Grunnen til at dei sekundære forsterkarane heng saman med primære forsterkarar, er fordi ein til dømes treng pengar for å kunne oppfylle ein del av dei primære behova våre (Svartdal & Holth, 2010; Øzerk & Øzerk, 2013). Elevane har lært at dersom dei samlar seg opp nok brikker, får dei velje ei påskjøning til slutt. Ein kan samanlikne brikkene med pengar. Dersom ein har pengar, kan ein bytte pengane inn i ei vare (Svartdal & Holth, 2010; Øzerk & Øzerk, 2013)

Det varierte kor mange brikker som var på tokenbrettet når eleven starta. Nokre gongar var brettet heilt tomt for brikker, medan andre gongar var der ein del brikker på brettet. Det var



for at eleven ikkje måtte opparbeide seg alle brikkene, før han fekk sluttforsterkaren. Dersom ein såg at eleven var sliten eller det var vanskelege oppgåver, kunne ein velje å la nokre av brikkene stå att. Det var for at økta ikkje skulle vare for lenge. Dersom det var vanskelege oppgåver, fekk eleven oftare brikker, samanlikna med dersom det var lettare oppgåver. Dersom eleven beherskar oppgåvene, er det ikkje nødvendig å forsterke kvar gong. Det er nok å gjere det av og til. Under observasjonane fekk eg sjå at dette stemte. Nokre gongar fekk dei ei brikke etter kvart svar, men andre gongar fekk dei kvar 4.-5. gong. Då ein elev og den tilsette spelte stigespelet, fekk eleven ingen brikker undervegs, men han fekk smilefjeset til slutt for å ha fullført aktiviteten. Læraren ga ikkje så mykje ros under spelinga, men sa «mhmm» for å bekrefte at han talde rett når han flytta spelebrikka. Det var tydeleg at eleven likte svært godt å spele spel, og han var engasjert. Han sa fleire gongar «no må eg jukse», når han var litt bak. Han slapp å jukse og vann til slutt. I denne situasjonen var det ikkje nødvendig å påskjøne eleven undervegs, sidan motivasjonen var så stor. Det samsvarar med det lærarane fortalte, at ein må ta omsyn til kva eleven kan og kor stor motivasjonen er. Kor ofte ein må gi forsterkarar, er noko som lærarane må vurdere når dei startar aktivitetane og undervegs i prosessen.

#### 5.5.1 Motiverande forsterkarar

Horne og Øyen (2007, s. 36) skriv at det er ulike måtar ein kan finne ut av kva slags forsterkar som er mest effektive, sidan det er store individuelle skilnadar (Reichow & Reichow, 2012). Dei trekker fram at ein kan gjennomføre ei forsterkarkartlegging. Når ein gjennomfører ei forsterkarkartlegging, presenterer ein ulike forsterkarar for eleven, så ser ein kva eleven vel. Dette er i samsvar med den forsterkarkartlegginga som informantane bruker for å finne ut av kva forsterking elevane reagerer best på. Når dei skal gjennomføre ei slik kartlegging, legg dei mange ulike forsterkarar på eit bord. Det kan blant anna vere materielle forsterkarar og etande forsterkarar. Eleven får lov til å velje seg ein forsterkar. Dette gjentek ein fleire gongar. Den vaksne må registrere kva slags forsterkarar eleven vel. Dersom eleven vel det same fleire gongar, er det eit godt teikn på at dette kan vere ein aktuell forsterkar for denne eleven.

Ein anna måte å finne ut av kva som kan vere ein motiverande forsterkar, er å snakke med foreldra. Dei har ofte kjennskap til kva eleven liker og er interessert i. Bruken av forsterkarar skjer i samarbeid med foreldra. Dersom foreldra har eit ynskje om at det t.d. ikkje skal brukast rosiner som forsterkar, så gjer ein ikkje det. Framgangsmåtane informantane presenterer stemmer overeins med det Horne og Øyen (2007) skriv om.

Det er viktig at forsterkinga kjem rett etter at eleven har svart rett eller hatt rett åtferd. Dersom ein gir forsterkinga for seint, kan ein forsterke ei åtferd som ikkje er ynskjeleg dersom dei har gjort noko som ikkje er bra rett etter den rette åtferda. Det kan føre til at eleven trur at det var den åtferda som var korrekt. På den måten kan etande forsterkarar vere gode fordi det er lett å gi dei presist og raskt. Horne og Øyen (2007, s. 29) skriv også at etande forsterkarar er effektive fordi ein kan gi dei kjapt.

Under observasjonane kunne eg sjå at dei tilsette brukte mykje sosiale forsterkarar. Sosiale forsterkarar kan vere fysisk kontakt, fysisk nærleik, ros, ansiktsuttrykk som å le, nikke, smile eller få merksemd frå dei vaksne. Merksemd frå vaksne vert rekna som den forsterkaren som gir best resultat og sosiale forsterkarar er spesielt viktige for born (Cooper et al., 2007), men for born med ASF kan det vere vanskeleg å oppfatte dei sosiale forsterkarane (Øzerk & Øzerk, 2013, s. 111–112). Mange born innan ASF verdset ikkje ros, merksemd eller leiker, så ofte vert det brukt andre former for påskjøning (Horne & Øyen, 2007, s. 32). Fleire av informantane hadde erfart at ein del av elevane også sette pris på sosiale forsterkarar som ros. Dei smilte, ga high five, og hadde kommentarar som «nydeleg, supert, du er god, du er flink til å jobbe». Desse kom raskt etter at eleven hadde svart rett på eit spørsmål, eller rett etter at eleven hadde hatt rett åtferd. Desse erfaringane stemmer ikkje overeins med det Horne og Øyen (2007, s. 32) skriv. Ofte hang desse kommentarane tett saman med dei sekundære forsterkarane. Det samsvarar med det Svardal og Holth (2010, s. 35) skriv om at ofte vert dei sosiale forsterkarane kombinert med sekundære forsterkarar. Det kan t.d. vere at ein rosar barnet og så får barnet noko godt. Då vert slike sosiale forsterkarar ein føresett forsterkar, og borna ynskjer å få ros eller leiker (McClannahan & Krantz, 2008, s. 31). Sosiale forsterkarane kan difor verte ein føresett forsterkar, slik at borna ynskjer å få ros frå den tilsette. Det kan kome av at dei veit at dersom dei får ros, får dei ei påskjøning også. I ein slik situasjon, kan ein stille eit spørsmål. Er det slik at elevane liker å få sosiale forsterkarar, eller er det sånn at eleven veit at når han får ros, vil han snart få ei påskjøning? Det er umogleg å konkludere med noko eintydig på det spørsmålet. Det kan vere elevar som representerer begge desse gruppene.

## 5.6 Målet og fordelane med bruken av forsterking

I intervjuet trekte informantane fram fleire argument for kvifor dei bruker tokenbrettet, og dei nemner fleire fordelar ved å bruke denne typen forsterking. Eg har valt å sjå på tre positive sider med bruken av forsterking. Informantane hevdar at elevane får større motivasjon og at dei

meistrer fleire dugleikar. Bruken av forsterking er også med på å bekrefte at eleven har gjort noko rett.

### 5.6.1 Motivasjon

Informantane trekker fram fleire grunnar til å bruke forsterkarar. Eit av måla er å auke motivasjonen til elevane slik at dei kan lære seg nye dugleikar og få ny lærdom. Dersom det er ein god forsterkar, hevdar ein av informantane at det er med på å auke motivasjonen til eleven. Det er dermed ikkje sagt at eleven meistrar noko fortare av den grunn, men forsterkaren kan auke motivasjonen til å prøve å gjere det rett. Informanten bekreftar utsegnet til Isaksen og Karlsen (2013) som skriv at eit motivasjonssystem er eit system som skal vere med på å auke motivasjonen til ein person ved hjelp av påskjøningar.

- (19) Det er no for å få motivasjon for å lære seg ferdigheiter som kan gjere både skulekvarden lettare, kvarden lettare og utvikle ferdigheiter og sjølvstendigheit. På sikt kan dette gjere at dei får jobba meir internsitt på skulen. Det at du forsterkar gjer at dei kan halde motivasjonen lengre (Maria, 08.03.17, s. 10).

Elevane har ein IOP og dei tilsette har eit ansvar for å lære desse elevane det som står i IOP-en. Sidan ein del elevar med ASF ikkje er så opptatt av sosiale samhandlingar, sjølv om sosiale forsterkarar fungerer for nokre av dei, vert det ikkje nødvendigvis forsterkande i seg sjølv å samarbeide med nokon. I slike samanhengar seier ein av informantane at det er nødvendig å tilføre noko ekstra. Ein god lærar kan vere ein forsterkar. Det handlar mykje om å ha eit repertoar av morosame aktivitetar som ein kan spele på. I starten bruker ein mykje tid på å verte kjend med eleven. Dette er nødvendig for å etablere ein god relasjon slik at ein kjenner eleven sine interesser og ynskje. Kva har eleven indre motivasjon for?<sup>7</sup> Det at læraren er ein slags forsterkar, er ofte ikkje nok for desse elevane. Då må ein tilføre ei påskjøning, slik at elevane har noko som dei kan strekke seg etter. Når ein veit kva interesser elevane har, er det lettare å kome på gode forsterkarar. Ein av vanskane til dei som har ASF er blant anna at dei har avvikande interesser i intensitet og fokus (Martinsen et al., 2016). Holden (2010) skriv at dersom det er ein person som har avvikande motivasjon, treng denne personen unormale mengder med forsterking. Dette stemmer med det informantane fortalte om at desse elevane treng noko ekstra. Dei tilsette prøver å kompensere for ein vanske som elevane har ved å innføre bruken av eit slikt motivasjonssystem.

---

<sup>7</sup> Indre motivasjon er når ein deltek i ein aktivitet fordi ein sjølv har interesse av å delta i den aktiviteten. Ytre motivasjon refererer til å sjå på aktiviteten som eit middel for å nå eit mål. Ein deltek fordi ein antek at det vil føre til eit ynskjeleg utfall (Pintrich & Schunk, 2002, s. 245).

- (20) Eg tenkjer at kvar gong ein har indre motivasjon for noko, så er det fantastisk. Då må vi få det opp på planen. Dei aktivitetane som dei har indre motivasjon for kjem opp der, slik at det vert ein del av kvardagen deira, slik at dei kan fortsette med det. Så tenkjer eg at det er veldig mykje som kan lærest i situasjonar som eleven har naturleg motivasjon for, der ein kanskje ikkje treng ein forsterkar, men det spørst veldig kven det er. Mange av elevane her er veldig lågtfungerande. Vi etterstevar det normale og den indre motivasjonen så langt som mogleg. Det først. Når det ikkje er nok, så må vi ha noko ekstra (Elisabeth, 02.03.17, s. 10).

### 5.6.2 Meistring

Informantane sa at bruken av forsterkarar er med på å hjelpe elevane til å oppleve meistring. Det er viktig at samhandlinga og læringa er positiv, motiverande og at elevane får kjenne på meistringskjensla. Når dei får ei forsterking rett etter at dei har gjort noko rett, er det ein veldig konkret måte å vise at dei har meistra noko. Dersom eleven slit med ei oppgåve, får eleven hjelp. Ved dette ressurstilbodet har elevane eigne opplæringsprogram. Der står det blant anna kva ein skal gjere i opplæringa, og kva ein skal gjere dersom eleven viser feil målåtfred eller dersom eleven treng hjelp. Korleis ein skal hjelpe kvar enkelt, vil difor variere frå elev til elev. Ei slik hjelp kan t.d. vere handleiing. Det vil seie at den tilsette tek handa til eleven og handleier den til det rette svaret. Etter at ein har gitt hjelp kan ein også gi forsterking, for å presiserer at det er det rette svaret. I byrjinga av ei ny innlæring gir ein mykje hjelp. Det er for at eleven skal unngå opplevinga av å mislukkast. Etter kvart som eleven meistrer dugleiken, reduserer ein bruken av hjelp.

- (21) Det kan vere ved hjelp av promt, hjelpe dei å seie ting, handleie eller vise det, så gjer dei det ved modellæreing. Dersom forsterkaren vert halden unna, så vert det gitt hjelp. Det er for at det skal vere ein fin balanse mellom det å meistre og ikkje meistre. (Maria, 08.03.17, s. 9).

Ein av informantane fortalte at det er mange situasjonar som kan opplevast som skumle og utfordrande for desse elevane. T.d. kan det vere skummelt å gå på konsert. Dersom eleven får ei rosin av og til når han klarer å sitje i ro, så kan eleven klare å tolerere situasjonen. I starten sit kanskje eleven der berre for å få den rosina, men etter kvart legg kanskje eleven merke til at det var fint å vere der. Det er stas for elevane å meistre ulike dugleikar og aktivitetar. Eleven lærer seg å opne augene og sjå litt meir av verda. Bruken av forsterking er ei fin overgangshjelp.

- (22) Eg ser no at det hjelper dei til å oppleve meistring. Det hjelper dei til å lære, og når dei lærer, så sikrar det eit større repertoar av åferd og eit større repertoar med aktivitetar, og det aukar livskvaliteten deira. Det gjer dei meir fornøgde (Elisabeth, 02.03.17, s. 10).

### 5.6.3 Bekrefting

Ei tokenbrikke er også eit symbol for å vise at eleven har gjort noko rett. Det vert ei slags bekrefting for eleven, og ein gjer eleven merksam på at han har gjort det rett. Samstundes vert det motiverande for eleven å sjå at brettet fyller seg opp, og det nærmar seg ein sluttforsterkar.

Eleven får ei oversikt over kor lenge dei skal jobbe, og han veit at oppgåvene er tidsavgrensa. Ein arbeider for å verte ferdig, og når ein er ferdig får ein gjere noko kjekt. Forsterking vert også brukt for å forme åtferd. Det vil seie at ein forsterkar positiv åtferd fordi ein ynskjer at den åtferda skal gjenta seg . Øzerk og Øzerk (2013) hevdar at forsterkinga skal vere med på å oppretthalde eller auke ynskja åtferd. Den skal også hindre åtferd som ikkje er ynskt.

## 5.7 Ulempar/utfordringar med bruken av forsterking

Eg vil belyse nokre av dei utfordringane som kan oppstå når ein bruker forsterkarar/teiknøkonomi. Fyrst vil det vere hovudfokus på nokre område som dei tilsette peika på i intervjuet: vanskar med å finne gode forsterkarar, elevane kan verte avhengige av bruken av forsterking, bruken av godteri og bruken av påskjøningar i skulen slik som Alfie Kohn vurderer det.

### 5.7.1 Vanskeleg å finne rett forsterkar/ oppdatere ofte nok

Øzerk og Øzerk (2013) tek fram tre ulike typar forsterking. Dei tek fram primære, sekundære og sosiale forsterkarar. Tidlegare i teksta har eg presentert dei ulike typane. Horne og Øyen (2007) trekker også fram sensorisk stimuli og aktivitetar som aktuelle forsterkarar. Sensoriske forsterkarar kan t.d. vere lydstimuli, taktile stimuli eller lysstimuli. Det kan blant anna vere å sjå på tv, lytte til musikk, eller kjenne på ulike materialar eller vibratorar. Ei ulempa med denne type forsterkingar, kan vere at dei ikkje har ein tydeleg slutt. Døme på aktivitetar som kan vere forsterkarar, kan vere å spele fotball, gå på café eller køyre ein tur. Ei utfordring med denne type forsterkarar, er at dei ikkje kan gi dei så presist.

Informantane hadde fokus på at det er viktig å finne rette forsterkar til elevane. Nokre elevar kan det vanskeleg å finne gode og motiverande forsterkarar til. Kva slags forsterkarar som er mest effektiv for eleven, kan forandre seg (Horne & Øyen, 2007). Om bruken av forsterking har ein effekt, vil vere avhengig av om ein finn ein forsterkar som verkar motiverande for eleven. Forsterkinga må ha ein verknad i den augeblinken den vert formidla (Horne & Øyen, 2007). Ein kan difor tenkje seg at effekten ikkje vert like god dersom ein gir ein forsterkar utan å vite at han faktisk verkar motiverande. Dersom forsterkaren ikkje verkar motiverande på eleven, kan ein spørje om det er nødvendig å gi eleven forsterkaren. På ei side vil det ikkje vere så motiverande sidan det ikkje er noko eleven har så stor interesse av å få, men på den andre sida får eleven ei bekrefting på at det han har gjort er rett. Samstundes fortalte informantane at tokenbrettet var motiverande i seg sjølv, noko som Isaksen og Karlsen (2013) også peiker på.

Ein av informantane framhevar at dersom ein til ei kvar tid skal vite kva forsterkar som verkar best, må denne kartlegginga av forsterkarar skje oftere. Horne og Øyen set også fokus på dette og skriv at det er nødvendig å stadig oppdatere bruken av forsterkarar (Horne & Øyen, 2007, s. 45). Elevane kan verte metta av ein forsterkar. Ein må heile tida vite at forsterkaren har ein verdi der og då. Mange berre gir ei påskjøning, utan at den nødvendigvis er så forsterkande. Det har berre blitt ein vane for dei tilsette. Dette stemmer overeins med det Reichow og Reichow (2012) skriv om at det er nødvendig å variere og rottere på kva slags forsterkingar som vert brukte. Under observasjonane var det tydeleg kva slags forsterkarar som var populære hjå elevane. Ein elev var veldig glad i å spele på tromme, ein annan elev likte å sjå på tv, medan den siste valde seigmann kvar gong han skulle velje. Det å spele på trommer og sjå på tv kan vere desse elevane sine særinteresser. Det er vanleg at menneske med ASF har avgrensa og repeterande interesser og aktivitetar (World Health, 1999). Peeters og Gillberg (1999) trekker fram at bruken av repeterande åtferd og interesser kan vere med på å skape tryggleik for desse elevane. Elevane hadde to brett med ulike forsterkarar. På det eine brettet kunne dei velje etter at dei hadde gjennomført ein aktivitet. På det andre brettet kunne dei velje når dei var heilt ferdige med alle aktivitetane den økta. Når dei måtte velje på denne måten, måtte elevane velje ulike forsterkarar, sidan dei to bretta ikkje var heilt like. Det kan forhindre at elevane vert metta av forsterkarane. Dersom dei får ein forsterkar for ofte, får forsterkinga kanskje ikkje like stor effekt (Holden, 2016). Ein kan også stille spørsmål om val av forsterkar vert ei slags rutine, slik at dei vil velje den same forsterkaren, for å få ei slags føreseieleighet. Det kan føre til at det same valet vert tatt, noko som kan gi ei kjensle av tryggleik.

Under observasjonane var det litt ulike reaksjonar på elevane når dei fekk forsterkaren. Nokre av elevane reagerte ikkje så mykje når dei fekk forsterkaren, medan andre viste glede og engasjement når dei fekk forsterkaren. Då ein av elevane såg på planen at dei skulle jobbe, sa han «fyrst jobbe, så sjokolade». Det var tydeleg at han visste at dersom han jobba, skulle han få noko godt til slutt. Det kan også tenkast at det er ei frase som lærarane bruker for å motivere eleven og at eleven har lært seg den frasen. Eleven fylgde forventningsfullt med på brettet og såg kor langt han hadde kome. Det verka som om sjokoladebiten var ei god forsterkar for denne eleven. Reaksjonane til elevane kan sjølv sagt variere frå person til person. Men det kunne verke som om elevane forventa å få påskjøninga, dei var i alle fall veldig klar over at dei ville få noko dersom dei jobba.

Ein av informantane påpeika at dersom ein gir eleven ein forsterkar han ikkje liker, kan han kople den rette dugleiken med noko negativt. Forsterkaren vil ikkje verke motiverande, men heller avskrekkande. Horne og Øyen (2007) skriv at det kan verte ein aversiv forsterkar, noko som fører at barnet vil prøve å unngå situasjonen der han får forsterkaren. Ein aversiv forsterkar ei ei ubehageleg hending, der hensikta er å redusere sjansen for at den uheldige åtferda skjer igjen. Det vil i praksis vere det same som straff (Pritchard & Chong, 2011). Det kan altså føre til at eleven prøver å unngå å gjere det som rett, slik at han skal sleppe den ubehagelege opplevinga. Dersom det er ein god forsterkar, kan effekten av læringa verte god, men dersom forsterkaren verkar avskrekkande, vil eleven prøve å unngå å få forsterkaren. Då vil forsterkaren verke heilt mot si hensikt (Horne & Øyen, 2007).

### 5.7.2 Avhengig av forsterking

Ei anna utfordring som kan oppstå i bruken av forsterking, er at elevane kan verte avhengige av hjelp. Informantane fortalte at for nokre elevar kan det vere forsterkande å få hjelp frå den tilsette. Det kan hindre elevane i å verte sjølvstendige, fordi dei vert avhengige av å få ei bekrefting før dei fortset med ein aktivitet. Horne og Øyen (2007) set fokus på denne problematikken. Dei hevdar at bruken av sosiale forsterkarar kan vere problematisk. Når ein øver inn ein ny dugleik, må den tilsette hjelpe eleven. Den vaksne hjelper eleven og gir eleven merksemd, og dette er sosiale forsterkarar. For nokre elevar kan denne merksemda og hjelpa vere ein god forsterkar. Men etter kvart når eleven meistrar aktiviteten, får han ikkje forsterkinga før heilt til slutt. Dess meir sjølvstendig eleven vert, dess mindre ros og merksemd får eleven undervegs i aktiviteten. Etter kvart vert det berre gitt forsterkar heilt til slutt. Dei elevane som har hjelp eller merksemd som ein forsterkar, vil få mindre forsterking dess betre dei meistrar ein dugleik. Dersom ein heile tida skal hjelpe eleven, kan det føre til at eleven ikkje vert sjølvstendig. Ein av informantane nemner at det kan vere utfordrande å trappe ned på bruken av forsterkarar. Målet er at når eleven byrjar å beherske ein dugleik, så skal ein trappe ned bruken av forsterking. Dess betre eleven meistrar dugleiken, dess mindre forsterking treng ein å gi eleven. Til slutt ynskjer ein at det ikkje skal vere nødvendig å bruke forsterkarar når eleven beherskar dugleiken, og det er nok med berre ros, men det er utfordrande å få til. Det er målet i den ideelle verda, men i realiteten er det ikkje så lett.

Informantane framheva at ein konsekvens av bruken av forsterkinga, kan vere at nokre av elevane forventar seg påskjøningar heile tida. Det kan føre til at eleven ikkje vil gjennomføre ein aktivitet, dersom han ikkje får ein forsterkar. Nokre gjennomfører ein aktivitet, så peikar dei

på lomma til den tilsette fordi dei vil ha forsterkaren sin. Ein av informantane sa at forsterkaren ikkje skal vere eit lokkemiddel. Det skal ikkje vere slik at dersom du gjer sånn, så skal du få ei påskjøning. Helst skal ein forsterkar vere litt sånn, «åj, så fantastisk»! Det skal på ein måte vere ei overrasking for eleven. Informanten fortel vidare at som oftast er forsterkinga kopla mot det å jobbe. Når det står oppført ei jobbeøkt på planen, så veit eleven at det fylgjer ei påskjøning etter den jobbeøkta. På den måten vert det fort ei rutine.

Svartdal og Holth (2010) hevdar at det ikkje er sjølvsagt at ei forsterking eller straff gir den responsen som ein ynskjer. Dersom foreldre skjenner på barnet sitt når han gjer noko som ikkje er ynskjeleg, kan det anten føre til at barnet sluttar med den åtferda, eller skjenninga kan verte ein forsterkar som fører til at åtferda aukar eller vert oppretthalden. Ein kan difor få ein annan reaksjon enn det ein eigentleg tenkte ein ville få. Ein kan heller ikkje vere sikker på om ei endring i åtferd er på grunn av forsterkinga, eller om det er andre element som speler inn. Dette er i samsvar med det ein av informantane påpeikar, at for nokre elevar, kan det vere forsterkande å få ein negativ reaksjon frå den tilsette. Det kan vere skjenn eller tilsnakk frå den tilsette dersom eleven ikkje gjer det han skal gjere.

- (23) Det er autistiske høgtfungerande vaksne, som har sagt at når dei fekk kjeft, så var det som eit lysspekte som lyste opp. Det var berre så fantastisk. Om det ligg noko i det, det veit eg ikkje. Men den negative reaksjonen søker dei ofte (Maria, 08.03.17, s. 1).

Informanten sa at dei arbeider mykje med å ignorere den åtferda som ikkje er ynskjeleg, slik at elevane ikkje skal lære seg å søke etter det. Dei tilsette prøver å unngå å gi uynskt åtferd merksemd, slik at åtferda ikkje skal gjenta seg.

### 5.7.3 Etande forsterkarar

Ein av informantane la fram i intervjuet at mange av dei føresette er kritiske til dei etande forsterkarane, fordi det er sukker i ein del av dei. Når ein får eit jamt tilsig med godteri, må ein vere nøye med å pusse tennene. Mange av desse elevane liker ikkje å gå til tannlegen, så det kan vere utfordrande. På skulen har dei ein eigen tannlekestol, der dei øver på at elevane sit i tannlekestolen. Dickerson med medarbeidarar (2005) skriv at tidlegare vart det brukt mat og sovn som forsterkarar. Dette er forsterkarar som menneska eigentleg hadde ein grunnleggande rett til å få. Det vart også brukt forsterkarar som vert sett på som usunne, som sigarettar og andre tobakksprodukt. Slike produkt er det ikkje etiske å bruke. Godteri er sjølvsagt ikkje helsefarleg på same måte som røyking er, men det kan ha nokre uheldige konsekvensar dersom ein et mykje godteri som inneheld sukker. Under observasjonane kunne eg sjå at dei ofte delte opp etande forsterkarar i mindre delar. T.d. kunne dei klippe av og gi dei ein liten bit av

seigmennene, for at inntaket av sukker ikkje skulle verte for stort. Eleven fekk ikkje heile seigmannen på ein gong, men dei fekk litt og litt. Når inntaket vert mindre, kan det også hindre at elevane vert metta av forsterkarane (Holden, 2016). Det er godt mogleg at desse borna ikkje et så mykje meir godteri enn andre på deira alder. Men å få godteri på skulen, er no ikkje ein vanleg praksis i dei aller fleste klasser. Ein kan undre seg om dette er prisen ein må betale for at elevane skal ha nok motivasjon til å lære. Dersom det er det, verkar det som det er ein pris dei tilsette tykkjer er verdt å betale.

#### 5.7.4 Andre argument for utfordrande sider ved bruken av forsterking

Filipczak (1993) presenterer Alfie Kohn sine kritiske spørsmål til bruken av påskjøning i skulen. Dickerson med medarbeidrarar (2005) set også fokus på nokre utfordrande sider med bruken av forsterking. Eg vil sjå nærare på nokre av dei. Dei tilsette trekte fram fleire utfordrande sider ved bruken av forsterking. Kohn (Filipczak, 1993) og Dickerson med medarbeidrarar (2005) tek fram nokre element som informantane ikkje la vekt på. For det fyrste framhevar dei blant anna at bruken av teiknøkonomi er effektiv, men mykje av forskingane som har blitt gjennomførte er 20 år eller eldre. Sidan artikkelen var gitt ut i 2005, er det nesten 30 år sidan ein del av forskinga om teiknøkonomi vart gjennomført. Er denne metoden framleis nyttig i samfunnet i dag? Det er mykje som har endra seg på den tida. Dei skriv vidare at ein ikkje stiller så mange kritiske spørsmål til bruken av teiknøkonomi. Samstundes kan ein stille motspørsmålet om motivasjonen til menneske har endra seg (Dickerson, Tenhula, & Green-Paden, 2005)?

#### 5.7.5 Motivasjon og straff

Kohn (2010) seier dette om motivasjon og påskjøning:

In fact, it's not really possible to motivate anyone, except perhaps yourself. If you have enough power, sure, you can make people, including students, do things. That's what rewards (e.g., grades) and punishments (e.g., grades) are for. But you can't make them do those things well (Kohn, 2010, s. 16)

Fleire meiner at born bør engasjere seg i aktivitetar på grunn av indre motivasjon. Dei er skeptiske til at bruken av forsterkarar, og hevdar at bruken kan forandre den ibuande interessa som borna har (Matson & Boisjoli, 2009). Nokre undersøkingar har vist at dersom ein bruker påskjøning i ei oppgåve, kan det påverke interessa for å gjere oppgåva/aktiviteten for si eiga skuld (Filipczak, 1993).

- (24) Men vi ser no at det er nødvendig å ha tilleggsforsterkarar. Dei fleste av desse elevane har ikkje den naturlege motivasjonen for ting. Naturlege ting er som regel ikkje forsterkande. Det er no

også fordi vi delar opp ferdighetene, så dei ser ikkje heilheita før alt er meistra. Det vert så små einheitar at dei ikkje ser det, men på sikt, så kan det å gå ut vere ein forsterkar til å kle på seg (fordi dei veit at når dei kler på seg, skal dei ut) (Maria, 08.03.17, s. 10).

Desse erfaringane stemmer overeins med vanskar med å sjå heilskapen, svak sentral koherens (Kaland, 2002, s. 64; Kaland, 2003). I undervisinga arbeider dei ofte med små delar av ein dugleik, før dei set alle deldugleikane saman. Det kan føre til at elevane ikkje ser meiningsa med kvifor dei gjer det dei gjer. Det kan påverke motivasjonen. Sjølv om dei kan ha vanskar for å motivere seg på nokre område, kan dei ha svært stor motivasjon for særinteressene sine (Ryhl, 2012). Ein kan stille seg spørsmålet om det er mogleg å gjennomføre undervisinga på ein annan måte, slik at det er mogleg for elevane å sjå meiningsa i ei større grad. Sidan desse elevane i utgangspunktet har vanskar med å sjå heilskapen, må det vere ein metode som kan kompensere for det. Dagsplanen kan vere eit verktøy som kan støtte elevane til å sjå heilheita.

Filipczak (1993) skriv at Kohn set fokus på at påskjøning ligg tett opp til straff. Han hevdar at dersom ein held tilbake ei påskjøning, fordi eleven ikkje har den åtferda ein ynskjer, straffar ein eleven. I intervjuet understrekte informantane at dersom ein elev ikkje hadde rett åtferd, ga dei ikkje forsterking. Dersom dei hadde gjort det, hadde dei forsterka ei åtferd som ikkje var ynskjeleg. Ein kan stille eit motspørsmål til Kohn. Dersom ein elev aldri får påskjøningar, ville aldri eleven blitt straffa fordi han ikkje får påskjøningar. Meiner han då at ein aldri skal gi borna påskjøningar? Mange born kan oppleve stor meistring og glede dersom dei får ei påskjøning, og det kan vere ein effektiv måte å motivere dei på. Eg trur at dersom ein held tilbake ei påskjøning, må ein forklare kvifor ein held tilbake påskjøninga, slik at eleven veit kva som er ynskja åtferd.

#### 5.7.6 Kontroll

Kor mykje kontroll den tilsette har i bruken av eit motivasjonssystem, kan også verte diskutert. Nokre meiner at slike system kan vere nedverdigande og tvinge menneska til å gjere noko som dei kanskje ikkje vil. Det er difor svært viktig at elevane får valfridom, slik at ein ikkje avgrensar autonomien til eleven (Dickerson et al., 2005). Ingen av informantane hadde fokus på at dette var ei utfordring ved bruken av teiknøkonomi, men dei tilsette hadde fokus på at det var viktig å ta omsyn til eleven sine interesser. Elevane hadde valfridom når dei skulle velje seg ein forsterkar, og dette kan vere med på å styrke autonomien til borna. Både bruken av motivasjonssystem og dagsplan kan verte uetisk, dersom ein ikkje tek omsyn til eleven.

Ut i frå desse argumenta, må det presiserast at Kohn hadde fokus på påskjøning i skulen, og det står ikkje noko konkret for bruken av påskjøning for elevar med ASF. Bruken av påskjøningar er også relevant for opplæringa av elevar med autisme, men ein må ta omsyn til vanskane som menneske med ASF har. På grunn av det, må ein tilpasse undervisninga til den gruppa. Ein ville ikkje ha gitt ein elev med autisme og ein elev utan autisme, den same undervisinga. Her kan ein trekke fram sitatet frå læraren som arbeider med menneske med spesielle behov, ho fokuserer på at likeverd ikkje handlar om å behandle alle likt (Sevendal Ness & Røros, 2008).

#### 5.7.7 Kritikk til åferdsanalytiske prinsipp

Eg spurde ein av informantane om opplæringa som dei gjennomfører høyrer til ein viss metodikk, sidan ho tidlegare fortalte at teiknøkonomi er basert på ein åferdsanalytisk tankegang. Informanten svarte dette:

- (25) Nei. Eg vil seie at det er ein tradisjon for det, men slik det er no, er den mykje svakare enn den har vore tidlegare. Den er basert på ein spesialpedagogisk breiddetanke. Men vi har kjennskap til den måten å tenke på, i alle fall vi som har jobba lenge. Vi har fridom til å bruke det eller ikkje bruke det. Det er mange ulike metodikkar som vert brukte, men elevgruppa i seg sjølv set ein orden for kva dei har behov for. Dei kjem ikkje hit utan at dei har behov for den strukturen eller det rommet å skjerme deg på. Det avgrensar seg litt av seg sjølv (Elisabeth, 02.03.17, s. 10 ).

Det er altså ein tradisjon for ein åferdsanalytisk tankegang. Når forsterking no vert brukt, er det ut frå eleven sine føresetnadar og behov. Ein står fritt til å lage eit opplegg der ein bruker pedagogikk av ulikt slag. Ut i frå den observasjonen som eg gjorde, verka det i alle fall som forsterking var godt etablert som eit viktig tiltak i opplæringa for desse elevane.

Ein av informantane fortalte at ein del menneske utanfrå reagerer på bruken av forsterking. Dei trekker parallellar til hundeoppdrett. Forsterking er eit åferdsanalytiske prinsipp, og hundeoppseding er ofte tufta på dette prinsippet. Mange av desse elevane treng at ein gir beskjedar med minst mogleg distraksjonar. Ein beskjed bør difor vere kort og konsis, og nokre kan samanlikne det med korleis ein lærer opp hundar. Informanten seier at det ikkje alltid er nødvendig å seie det på den måten. Nokre elevar beherskar å få beskjedar på ein måte som ikkje er så kort og tydeleg.

Devita-Raeburn (2016) stiller fleire kritiske spørsmål til åferdsanalysen. Eit argument er at borna lærer seg dugleikar, men dei slit med å bruke lærdomen i praksis. Dickerson med medarbeidarar (2005) skriv også om denne problematikken. Dei stiller spørsmål til kor stor grad menneska klarer å generalisere dugleikane dei har lært til andre stada eller situasjonar.

Dersom det er slik at ein ikkje kan nytte seg av dogleikar i fleire ulike situasjonar, vil kanskje nytten minke. Ein av informantane peika på at noko av det viktigaste dei arbeide med, er å få dei dogleikane dei arbeider med ut i livet. Målet er at ein skal lære seg ein dogleik godt, slik at ein kan bruke dogleiken i fleire situasjonar. Dei hadde fokus på at ein må øve på å generalisere dogleikane som dei lærer. Sjølv om ein elev har lært ein dogleik ein stad, kan det vere som å starte heilt på nytt når ein skal gjere det på ein annan arena. Når dei skal generalisere dogleikar, kan det vere godt å ha ein plan. Det kan hjelpe å øve på dogleikane på ulike stadar, slik at eleven vert van med å gjennomføre aktivitetane på andre stadar også. Når dei prøver å lære eleven eigenaktivitetar (aktivitetar som dei kan arbeide med sjølvstendig), er det viktig å øve på det i ulike arenaer.

- (26) Det er no ikkje sånn at vi jobbar berre for å jobbe, vi jobbar no for at vi ynskjer at det skal brukast på andre arena. Vi ynskjer at dei skal verte sjølvstendige på heimebane, sånn som dei er her. Så vi jobbar med å generalisere ferdighetene på ulike arenaer (Maria, 08.03.17, s. 7).

Åtferdsanalysen har heilt sidan byrjinga vore kontroversiell. Åtferdsanalysen kom som eit konkurrerande alternativ til psykologien som var etablert. Åtferdsanalysen har også etablert eit heilt nytt språk og bruker nye omgrep. Vi kan nemne forsterking og stimulus som nokre døme. Sjølv om åtferdsanalysen har fått ein del kritikk, må ein ta omsyn til at ein del forsking viser at bruken av tidleg, intensiv opplæring som er basert på åtferdsanalysen, er den metoden som har best dokumentert effekt for born med ASF. Metoden er effektiv når ein skal lære born nye dogleikar (Devita-Raeburn, 2016; Eikeseth & Svartdal, 2010; Karlsen, 2003).

## 6.0 Oppsummering og avslutning

I denne masteroppgåva har eg sett på korleis kan ein bruke struktur og forsterking i opplæringa for elevar med ASF. Eg har fokusert på fordelar og utfordringar som tre ressurssentert tilsette peikar på. Litteratursøk vitnar om at det er lite forsking og artiklar på negative og utfordrande sider ved bruken av struktur (dagsplan og aktivitetsplan) og forsterking (teiknøkonomi). Det var spesielt vanskeleg å finne utfordringar med bruken av dagsplan/aktivitetsplan. Ein kan undre seg over grunnen til dette. Er det fordi det rett og slett ikkje er så mange utfordrande sider med bruken, eller er det fordi det berre ikkje har blitt gjort så mykje forsking på dette området? Det kan nok vere begge desse grunnane, i tillegg til at andre faktorar kan spele inn.

Eg kunne finne nokre kritiske synspunkt til bruken av forsterking og teiknøkonomi og ein del kritikk av åferdsanalysen. Ein del av den forskinga som er gjort på bruken av teiknøkonomi, er ofte eldre publikasjonar (Dickerson et al., 2005). I byrjinga av 1980-åra til midten av 1990 var det ein stor vekst i bruken av åferdsanalyse for menneske med autisme og utviklingshemningar (Farsethås, Mørch, & Strømgren, 2010, s. 492). Mykje av forskinga som har blitt gjennomført, er som sagt omrent frå denne tida, og samfunnet har forandra seg mykje sidan det (Dickerson et al., 2005). Nokre artiklar drøfta utfordringar og kritikk av bruken av teiknøkonomi som andre har kome med, som blant anna artikkelen til Matson og Boisjoli (2009). I den artikkelen avsluttar dei med argument for kvifor desse ulempene og kritikken ikkje stemmer. Eg fekk inntrykk av at dei som har gjort forsking på dette området og dei som skriv artiklar om dette, ofte er dei som i utgangspunktet er overbevist om at dette er tiltak som er nyttige og effektive. Det kan føre til at forskinga har hovudfokus på dei positive sidene ved tiltaka, medan utfordrande sider og kritikk av desse tiltaka ikkje vert løfta fram og drøfta i like stor grad.

Det hadde vore interessant å gått djupare inn i dette emnet. Framtidig forsking bør ha fokus på nokre av dei utfordrande sidene med desse to verktøya, og ikkje berre ha hovudfokus på fordelane ved bruken av desse tiltaka. Under intervjuet med informantane vart det belyst nokre utfordrande og negative sider med desse verktøya. Det var varierande kor mykje dei hadde reflektert rundt dette. Nokre av informantane hadde reflektert ein del rundt utfordrande sider, medan andre hadde mest fokus på dei positive sidene når metodane vart brukte på ein god måte. I slutten av intervjuet spurde eg ein av informantane som ho kom på andre tiltak som kunne fungere i staden for å bruke forsterking. Ho svarte at ho ikkje kunne kome på nokon annan metode. Ho understreka at dei tilsette har ansvar for å lære elevane opp til å nå måla i

læreplanen. Informanten sa at dersom dei skal klare det målet, er det nødvendig å bruke forsterkarar i opplæringa.

I observasjonane mine kunne eg sjå at dette var verknadsfulle tiltak som fungerte godt for desse elevane. Det verka som om dei tilsette hadde god kunnskap på kva utfordringar og vanskar elevar med ASF har (sitat 2, 5, 8, 9 og 17). Sjå sitatoversikt, vedlegg 1. I denne masteroppgåva har eg presentert nokre av utfordringane dei kan ha. Dei fleste tiltaka stemmer overeins med utfordringane personar med ASF har. Det kan vere t.d. vanskane med avgrensa, repeterande åtferd og omgrep om mentalisering/ToM, sentral koherens og eksekutive funksjonar. Dette er vanskar som handlar om å forstå kva andre meiner og føler, kunne sjå heilskapen og organisere tid og rom (Baron-Cohen et al., 1985; Kaland, 2002; Kaland, 2003; Ryhl, 2012; Touloupolou et al., 2008). Dette er vanskar som kan påverke motivasjonen til desse elevane. Dei tiltaka som vart gjennomførte, var for å kompensere for elevane sine vanskar og gi dei ei opplæring som var tilpassa elevane sine evner og føresetnadar.

Det verkar som desse tre tilsette ser stor nytte av tiltaka som dei gjennomfører. Dei trakk fram fleire fordelar med bruken av struktur (sitat 6, 7, 10 og 11) og forsterking (sitat 19 og 22). Samstundes nemnde dei nokre utfordringar som kunne oppstå i bruken av struktur (sitat 13, 14, 15, 16 og 18) og forsterking (sitat 23 og 24). Eg fekk inntrykk av at informantane tykte at fordelane med bruken av desse metodane overskygga dei utfordrande sidene (sitat 16 og 17). Ein av informantane sa at så lenge han visste at bruken av forsterking fungerer og har ein effekt i opplæringa, var han ikkje så opptatt av kritikken som andre kom med. Det er forståeleg at informantane har desse meiningane, sidan dei sjølv har erfart at dette er tiltak som fungerer svært godt til desse elevane, dersom tiltaka vert brukte rett (sitat 10 og 12). Ein kan stille seg spørsmål om kvifor tiltaka dei gjennomfører fungerer så godt, og om ein annan metode også kunne ha fungert godt. Ein kan også undre seg over kritikken som har kome til bruken av desse to tiltaka, spesielt til bruken av forsterking og den åtferdsanalytiske pedagogikken.

Emily Pronin og hennar medarbeidrarar (2002) presenterte omgrepet «bias blind spot», som kan omsetjast til slagsideblindflekk. Omgrepet dreier seg om at dei fleste menneske i større grad vil vere meir kritiske til andre sine tankar og meiningar enn det ein er til sine eigne. Ein ser flisa i auget til bror sin, men ein legg ikkje merke til bjelken i sitt eige auge (Låg, 2014; Pronin, Lin, & Ross, 2002). Ein kan fort verte blind på sin eigen pedagogikk, dersom pedagogikken er rådande på den arbeidsplassen. Ein opplever at tiltaka er effektfulle, dei er innarbeidde og dei fungerer godt. Det er svært nødvendig at ein stiller spørsmål og er kritisk til

den eksisterande pedagogikken og at ein hyppig vurderer sin eigen praksis. Samstundes må ein også ta høgde for at forsking har dokumentert at tidleg, intensiv opplæring som er basert på anvendt åferdsanalyse er eit veldig dokumentert og effektivt tiltak for menneske med ASF (Eikeseth & Svartdal, 2010; Karlsen, 2003). Forskinga underbygger erfaringane til informantane. Det er difor viktig at ein finn ein balanse mellom det å vere kritisk og det å ta omsyn til kva evidensbasert forsking seier.

I starten då eg var på den generelle observasjonen reagerte eg på bruken av forsterking. Det var uvant å observere korleis dei tilsette så tydeleg spelte på den ytre motivasjonen. Etter å ha observert og hatt intervju med informantane, kan eg i mykje større grad sjå nytten av å bruke slike motivasjonssystem. Det vil nok alltid vere ein debatt om bruken av slike tiltak. På den eine sida er dette tiltak som ein ikkje ville ha nytta for elevar, som ikkje har nokre av vanskane som dei med ASF kan ha. På den andre sida må ein ta omsyn til eleven sine utfordringar og sterke sider (Martinsen et al., 2016; Opplæringslova, 1998).

I denne masterprosessen har eg fått kjennskap til positive sider ved desse vertøya, samstundes som eg har fått innsikt i utfordrande sider. Dette gjeld både frå intervjua, observasjonen, tidlegare forsking, vitakaplege artiklar og frå bøker. Det har vore svært spennande å få lære meir om desse tiltaka. Dersom eg sjølv skal arbeide med elevar med autisme, er eg glad for at eg har fått denne kunnskapen. Eg fått sett at det er tiltak som fungerer svært godt, og eg har lært mykje om korleis ein kan tilpasse undervisinga for elevar med ASF. Desse tiltaka har stor overføringsverdi til arbeid med born utan ASF også. Blant anna ser eg stor nytte av å strukturere dagen. Dette er noko som eg trur dei fleste elevar vil ha god nytte av. I vanlege klasser vil det også vere nokre som har svært store behov for struktur. Ros og oppmuntring er ein type forsterking som det er heilt nødvendig å bruke for å motivere born. Eg også fått innblikk i utfordringar som kan oppstå i bruken av desse tiltaka. Denne kunnskapen kan ein bruke til å førebyggje slike utfordringar. Eg trur og håper difor at den erfaringa og kunnskapen som eg har fått, kan vere med på å utruste meg til å verte ein betre lærar og spesialpedagog.



## Kjeldeliste

- Askildt, Astrid, & Johnsen, Berit H. (2012). Spesialpedagogiske røtter og fagets utvikling i Norge. I *Spesialpedagogikk* (5. utg., s. 59-75). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Autismeforeningen i Norge. (2017). Autismespektelet - en kort innføring. Lastet ned fra <http://autismeforeningen.no/autismespektelet/>
- Baron-Cohen, Simon. (1995). *Mindblindness : an essay on autism and theory of mind*. Cambridge, Mass: MIT Press.
- Baron-Cohen, Simon, Leslie, Alan M., & Frith, Uta. (1985). Does the autistic child have a "theory of mind" ? *Cognition*, 21(1), 37-46.
- Barton, Erin E. (2012). Essential Components of Educational Programs. I Erin E. Barton & Beth Harn (Red.), *Educating Young Children with Autism Spectrum Disorders* (s. 95-108). Unites States of America: Corwin Press.
- Berkell Zager, Dianne. (2005). *Autism spectrum disorders : identification, education, and treatment* (3.rev. utg.). Mahwah, N.J: Lawrence Erlbaum.
- Betts, Dion, & Patrick, Nancy J. (2006). *Homespun Remedies : Strategies in the Home and Community for Children with Autism Spectrum and Other Disorders*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Bogdashina, Olga. (2006). *Theory of mind and the triad of perspectives on autism and Asperger syndrome : a view from the bridge*. London: Jessica Kingsley.
